

Noregs miljø- og  
biovitenskaplege  
universitet

**Masteroppgåve 2020 30 stp**  
Fakultetet for landskap og samfunn (LANDSAM)

## **Kva kan ein moderne samfunnsborgar lære av 1000 år med landbruk i fjellandskap? - eit eksempelstudie frå Aurlandsdalen**

What can a modern citizen learn from 1000 years of  
agriculture in mountain landscapes  
- an example study from Aurlandsdalen (Norway)

Stina Skjerdal  
Master i Landskapsarkitektur



## Bibliotekside

**Tittel:**

Kva kan ein moderne samfunnsborgar lære av 1000 år med landbruk i fjellandskap?

- eit eksempelstudie frå Aurlandsdalen

**Title:**

What can a modern citizen learn from 1000 years of agriculture in mountain landscapes

- an example study from Aurlandsdalen (Norway)

**Forfattar:** Stina Skjerdal

**Rettleiar:** Morten Clemetsen

**Format:** A4 297 mm x 210 mm

**Sidetal:** 112

**Nøkkelord:** samfunnsutvikling, regional planlegging, kulturell verdiskaping, stadkjensle, Aurlandsdalen

**Key words:** regional planning, rural development, sence of place, Aurlandsdalen

# Forord

Med denne oppgåva har eg no nådd slutten på fem års utdanning, dei tre første under Edinburgh College of Art og dei to avsluttande ved Norges miljø- og biovitenskapelege universitet. Dette semesteret tok ein litt anna vending enn forventta då eg og mine medstudentar vart forvist til heimekontor då universitetet stengde. Heimekontoret byr som alltid på både goder og utfordringar, så her vil eg bruke nokre linjer på å fokusere på godene og rette ein takk:

til mamma og pappa for husrom, mat, selskap og endelause koppar med kaffi,

til Jakob for litt for mange fine skiturar og eventyr,

til Magnus for å vere ein god medhjelpar, ven og kollega

til Dino for ubegrensa tilgang på kjerleik, kos og god pels,

og til alle venner og kjente som berre har vore ein liten telefonsamtale unna.

Ikkje minst vil eg takke Morten Clemetsen for stødig rettleiing og gode innspel som eg har vore heilt avhengig av for å kome nokon veg.

Eg vil også rette ein stor takk til alle eg har intervjuet, for gode samtalar og småkaker.

Stina Skjerdal, juni, 2020

# Samandrag

Mykje av kulturarven vår i Norge er knytt til landbruk i utmark med stølsdrift og beiting. Trendane viser derimot at små- og mellomstore bruk taper på dagens landbrukspolitik og at mange difor velgjer å legge ned drifta. Bruken av utmark dreier seg først og fremst om nettopp ein slik type landbruk, og når dei fell utanfor har dette stor innverknad på kulturlandskapet.

Både nasjonale og internasjonale føringar trekker fram kulturarven i landskapet som ein viktig ressurs for opplevingar og kunnskap. Dersom kulturarven vert tapt som følge av nedgangen i tradisjonell utmarksbruk taper vi ein viktig del av vårt ressursgrunnlag.

Mange peiker no på ei breiare tilnærming til omgrepet verdiskaping. Brei verdiskaping handlar om miljømessig, sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping som grunnlag for bærekraftig utvikling. Ulike verdiskapingsprogram og forskjellige prosjekt, til dømes frå Norske Parker viser at brei verdiskaping med grunnlag i natur- og kulturarv kan vere eit verkøy for stadutvikling. Den breie verdiskapinga tek utgangspunkt i ei heilskapeleg tilnærming frå eit regionalt perspektiv.

I denne oppgåva ser eg først og fremst på kulturell verdiskaping med utgangspunkt i eit eksempelstudie frå Aurlandsdalen. Målet er å bruke kulturarven som ein ressurs for å danne tettare relasjonar mellom folk og stad. Tanken har grunnlag i økofilosofiske idear om at det ein kjenner ein relasjon til vil ein også ønske å ta vare på. Gjennom oppgåva konkluderer eg med at kulturarven kan verte eit bindeledd til oppleving av heilskap i møtet mellom menneske og landskap.

# Abstract

A great part of our cultural heritage in Norway is connected to agriculture and the use of the common land and its rural mountain pastures. However, trends show that today's agricultural politics are forcing many small- and medium-sized farms to close down. The use of mountain pastures is first and foremost connected to these farms and their vernacular ways of agriculture; when they disappear it causes big effect on our cultural landscapes.

Many people now point towards a broader approach on value creation. This concerns environmental, social, cultural and economical value creation as a basis for sustainable development. Various value creation-programs and projects, for example "Norske Parker", shows that a broad approach on value creation may be used as a powerful tool for local development. The broad value creation is based on a holistic approach from a regional perspective.

In this thesis I look at cultural value creation and use the Aurland valley as an example. My goal is to use our cultural heritage as a resource to create tight relations between people and place. The idea is based on the ecophilosophical theory that close relations to a place creates a stronger will to care for it. Throughout the thesis I conclude that cultural heritage may function as a connection to the perception of wholeness in the relations of man and landscape.

# Innhald

Forord	3	<b>DEL 3 KUNNSKAPSGRUNNLAG: EKSEMPELSTUDIE</b>	<b>37</b>	<b>DEL 4 DISKUSJON, KONKLUSJON OG FORSLAG TIL MOGLEGE TILTAK</b>	<b>79</b>
Samandrag	4	<b>3.1 LANDSKAPSRESSURS-ANALYSE (LRA)</b>	<b>38</b>	<b>4.1 DISKUSJON</b>	<b>80</b>
Abstract	4	Områdeavgrensing	39	Kva er behovet?	81
Innhald	5	Fjellgrunnen	40	Kva er læringspotensiale i møtet med landskapet?	83
<b>DEL 1 INNLEIING</b>	<b>7</b>	Landformer	41	Korleis skape rom for læring og dialog i møtet med landskapet?	86
<b>1.1 INNLEIING OG BAKGRUNN</b>	<b>8</b>	Flora og fauna	42	Konklusjon: 5 hovudprinsipp for kulturell verdiskaping	92
Personleg bakgrunn for val av tema	8	Vatnet	44	<b>4.2 PRINSIPPIELL TILNÆRMING TIL KULTURELL VERDISKAPING I AURLANDSDALEN</b>	<b>94</b>
Fagleg bakgrunn for val av tema	10	Kulturspora	45	1. Opprusting av beitelandskapet	96
Introduksjon av studieområdet	12	Beitelandskapet i dag	48	2. Opplysning og oppfordringar langs ferdssvegen	98
<b>1.2 PROBLEMSTILLING, METODE OG OPPGÅVESTRUKTUR</b>	<b>14</b>	Kraftutbygging og bilveg	49	3. Historisk vandrerute frå Aurland til Hallingdal	100
Problemstilling	15	Tilrettelegging	50	<b>DEL 5 ETTERORD</b>	<b>103</b>
Metode og oppgåvestruktur	16	Opplvingslandskapet	51	<b>5.1 REFLEKSJONAR</b>	<b>104</b>
<b>DEL 2 KUNNSKAPSGRUNNLAG: TEORI OG LITTERATUR</b>	<b>19</b>	Landskapskarakter og områdeskildring	52	<b>KJELDER</b>	<b>105</b>
<b>2.1 TEORI</b>	<b>20</b>	Opplvinga frå ferdssvegen	54	<b>FIGURLISTE</b>	<b>108</b>
Mot ei økologisk danning	21	Kulturarven i Aurlandsdalen	64	<b>VEDLEGG 2: INFORMASJONSSKRIV</b>	<b>114</b>
<b>2.2 KULTURARVEN SOM RESSURS</b>	<b>26</b>	Rikdommen i fjellet	68	<b>VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE</b>	<b>115</b>
Kva er kulturarven?	27	Ferdsl og ferdssvegar	70		
Nye nasjonale mål for kulturmiljø	28	Stølstradisjonar og matkultur i Aurlandsdalen	73		
Kulturarven som ressurs for brei verdiskaping	32	Turismen i Aurlandsdalen	74		
		Eldsjieler og dugnadsand i Aurlandsdalen	76		





# DEL 1

## INNLEIING

# 1.1 INNLEIING OG BAKGRUNN

## Personleg bakgrunn for val av tema

*Det er første helga i august og tid for buføring. Tre kløvhestar står klare, vår eiga dølhoppe og to lånte islendingar. I kløva ligg det meste me treng for dei neste to vekene, og det me har gløymt er det alltid nokon som kan springe etter med om ein dag eller to, for no ber det til fjells.*

*Oppover dalen går me, hestane med følgje fremst, hunden rett i helane og resten av folket med tunge sekkar bak. Dølhoppa er ivrig, ho veit at på stølsvollen veks graset høgt og frodig. Men vegen er ulendt og somme tider bratt, og både hest og buførsfølgje må kvile. I Huldrahaug er den faste rasten. Her kan me sitte å kike nedover heile dalen, innover fjorden heilt til Flåm der det ligg eit stort cruiseskip. Skipet er sikkert stort nok til å frakte over 3000 passasjerar, det er nok trongt i den vesle bygda i dag. Me sit her og kan sjå det heile på avstand, og er nøgde med det. I skogbrynet under oss ligg det gamle selet frå den midterste stølen som ikkje lengre er i bruk. Det var her Svein-farbror, eller farbror til far min, var fødd midt på sommaren då oldemor var aleine på stølen. Den gongen sprang nok oldefar fort oppgjennom dalen.*





Figur 1. Generasjonar med ubrotne stølstradisjonar held bøane på fjellstølen Øyestølen (960 m.o.h.) grøne og frodige. Beitedyra hindrar at bøane gror att, og gir rom for at dei stadig kan fornye seg. Liknande selbøar kan sjåast som grøne øyer fleire stader i fjella om våren og sommaren.

*Men me må av garde. Me skal høgare til fjells og enda er det brattaste att. Vel framme er det tid litt mat før ein gjeng av oss (dei yngste og sprekaste) spring nedatte dalen for å møte mamma og geiteflokk, som har vore mjølka ein siste gong på heimestølen. Slik gjer me det hvert år. Geitene er sta og går ikkje der me vil at dei skal gå, slik dei gjer hvert år. Men til slutt er me alle godt innlosjert i selet, det gjekk bra i år også. Selet er lite, men kan romme mange. og meet kveldsmat med olbogane tett intill sida i lyset frå parafinlampa. Her er det ingen straum og ingen dekning, ei frigjerande kjensle. I morgon skal me tidleg opp for å mjølke geiter, bere vatn og yste årets første Øystølsost. Ute har geitene trekt heilt opp mot fjelltoppane for å finne det aller beste graset.*

Gjennom oppveksten min på ein geitegard i Aurland har eg fått oppleve og delta i kulturarven på nært hald. Mellom anna reiser me kvart år på stølen der me driv på «gamlemåten». Stølen vår er den einaste i kommunen som har vore i drift i generasjonar utan avbrot. Då mange geitebønder i området slutta med stølsdrifta valte besteforeldra mine å halde fram. Dei såg at i utmarka var beita framleis like gode, og stølsosten var framleis den beste. Det var mykje jobb, men dei trivst med det, og det gjorde ungane og barnebarna også. Vala deira, og som foreldra mine gjer igjen kvart år me framleis reiser til støls har gitt meg moglegheiten til å ta del i ein livsstil der heile landskapet frå fjord til høg fjell spelar hovudrolla.

Det er først i dei seinare åra eg har reflektert noko over kor privilegert eg faktisk er som har fått ein slik oppvekst. Det er i møtet med landskapet, og spesielt stølslivet eg har fått dei beste minna og – sjølv etter 5 års utdanning på universitetet – den viktigaste lærdommen. For meg har denne typen gardsdrift og kulturarven stor verdi. Likevel er det desse gardsbruka som i dag forsvinn frå lista av aktive produsentar i landet vårt. I det store bilete, i forvaltninga og politikken, kjem ikkje denne verdien fram. Småbruk på bratte vestlandsgardar er tungt og arbeidskrevjande, og passer ikkje inn i den «effektiv og industrialiserte» produksjonen.

Med masteroppgåva mi ville eg derfor prøve å kombinere det eg har fått frå oppveksten med landskapsarkitektrolla, for å bidra til å bringe verdien av kulturarven fram i lyset.

# Fagleg bakgrunn for val av tema

## Europeisk landskapskonvensjon

### Definisjon

«Landskap» tyder eit område slik folk oppfattar det, hvis særpreg er eit resultat av påverknaden frå og samspelet mellom naturlege og/eller menneskelege faktorar.»

### Artikkel 6 – særlege tiltak

#### A. Bevisstgjøring

«Hver part forplikter seg til å øke bevisstheten i det sivile samfunn, private organisasjonar og hos offentlege myndigheter om landskapets verdi, dens rolle og forandringer i landskapet.»

*(Europeisk landskapskonvensjon, 2000)*

Gjennom landskapsarkitektstudiet har eg mellom anna vorte introdusert for omgrepet *stadutvikling*, eit omgrep som kan nyttast både i by og bygd. Det som gjer stadutviklinga spesielt spennande er at utviklinga av staden skjer gjennom ein dynamisk prosess med grunnlag i staden sine eigne ressursar, snarare enn å servere ei ferdig utvikla løysing. Dette handlar i stor grad om bevisstgjøring og å leite fram stadeigne kvalitetar som ressurs for nyskaping.

I Landskapskonvensjonen som trådte i kraft i 2004 (KMD, 2014) er den enkelte si oppfatning av landskapet sentralt definisjonen av landskap. Definisjonen rommar alle slags landskap, frå bygd til by, skog, mark, fjell og industri. Konvensjonen har som mål om å verne om landskapsverdiar, og bevisstgjøring kring desse verdiane er eit viktig ledd i dette (Europeisk landskapskonvensjon, 2000)


Patric Geddes, ein skotsk biolog, pedagog og samfunnsutviklar introduserte tidlig ein modell for samfunnsutvikling som tek utgangspunkt utvikling i spennet mellom det ytre plan, staden og landskapet (out-world) og det indre plan

(in-world), kjensler, kreativitet og idéar for nyskaping (Barane et al., 2015). Geddes kalla modellen for «the Notion of life» der konseptet om landskap først og fremst er naturen og økologien, men også ein stad der menneska sine liv utspeler seg som ein del av denne økologien (Clemetsen & Schibbye, 2016).

Modellen rommar fire felt og illustrerer utviklinga i spennet mellom det ytre landskapet og den indre verda i kvart enkelt menneske. Det første feltet er staden, kvardagslivet, samfunnet og det fysiske landskapet. Det andre feltet er dei enkelte personane sine kjensler, ferdigheiter, kunnskapar og oppfatning av staden. Det er dette som seinare i denne oppgåva vert omtalt som «stadkjensle» (sjå del 2.1). Det tredje feltet omhandlar perspektiv og idéar for framtida som oppstår som impulsar i samspelet mellom felt 1 og 2. Det fjerde feltet er handlingar for å realisere idéar om kreativ nyskaping og draumar frå felt 3. Handlingane fører til utvikling av staden (felt 1) som grunnlag for framtidig nyskaping og kunnskapar (Barane et al., 2015).

Ordet «utvikling» innebærer endringar, helst i positiv retning, men nokre gonger kan det også vere utvikling i negativ forstand. *Bærekraftig* utvikling mykje i vinden for tida, der den miljømessig (økologisk), sosial, kulturell og økonomisk bærekraft inngår. Ei bærekraftig stadutvikling må dermed romme alle desse dimensjonane (Haukeland, 2010).

I Geddes sin modell for utvikling det grunnleggande at handlingane og utviklinga skjer med utgangspunkt i individa sin forankring og kjensler knytt til staden og samfunnet. Dette innebærer ein bevissthet for fellesskapet og relasjonane knytt til natur, kultur og samfunn, og skal derfor bidra til å sikre bærekraftige løysingar (Barane et al., 2015). I lys av globale kriser som vi står ovanfor i dag (les global oppvarming, tap av naturmangfald og forureining av hav og landområder) vil det være avgjerande å sikre ei bærekraftig utvikling for framtida. Stadutvikling med grunnlag i staden sine egne ressursar vil vere eit viktig ledd i dette.



Figur 2. Ein forenkla framstilling av «the Notion of life» av Patric Geddes basert på Barane et al. (2015, figur 18.1, s 196) og Clemetsen og Schibbye (2016, figur 3.2, s. 27).

# Introduksjon av studieområdet



Figur 3. Lokalisering av Aurlandsdalen.

Aurlandsdalen ligg i Aurland kommune i Sogn og grensar mot Hol i Hallingdal og ligg i skjæringa mellom landskapsregion 23: Indre bygder på Vestlandet og 16: Høgfjellet i Sør-Norge. Dalen er kjend for sin storslåtte natur med bratte fjell og brusande fossefall og ikkje minst for den rike kulturhistoria. Dette

er historia om ressursutnytting, om jakt og jordbruk, naturkrefter, turisme, ferdsel og liv i fjellandskapa.

Det er fleire grunnar til at eg har valt Aurlandsdalen som eksempelområde. Den eine openbare grunnen er at eg sjølv kjem frå Aurland og har ein personleg relasjon til dalen og til kulturarven og tradisjonane som knyter seg til den. Ein annan grunn er at dalen med si rike og allsidig kulturhistorie og landskap er ein nasjonal identitet og kulturarv. Dalen har også ei lang tradisjon med turisme og er i dag blant dei mest populære vandrerutene i landet. Kvart år går det fleire tusen fotturistar gjennom dalen, både nordmenn og utlendingar. Dalen er svært profilert og er på mange måtar eit slags symbol på Norsk natur og friluftsliv (Brunborg-Næss, 2020). Delar av dalen fekk status som historisk vandrerute i 2018.

## Om området


Store deler av området er ein del av Aurland statsalmenning og vert forvalta i samsvar med bestemmelsane i Fjellova (1975, §3) av Aurland Fjellstyret (Aurland Fjellstyre, u.å.)

Allmenningsretten med jakt og beiterettar i fjellet strekker seg lengre tilbake i tid enn historiske kjelder kan fastsetje, og var nemnt allereie i Gulatingslova på 1100-talet. Allmenningen i Stemmerdalen har vert svært viktig for folk gjennom tidene (Sinjarheim, 1988).

Det er inga offisiell vernestatus knytt til Aurlandsdalen, men i kvar sin ende av området ligg Hallingskarvet nasjonalpark og Nærøyfjorden landskapsvernområde og verdsarvområde. I ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområder utarbeida av Miljødirektoratet (2015) vert mellom anna kanalisering av ferdsel og tilrettelegging i randsona eller mindre sårbare områder av verneområdet trekt fram som strategiske grep. Dette er noko som vert vektlagt både i besøksstrategien til Hallingskarvet Nasjonalpark (2015) og Nærøyfjorden landskapsvernområde (2019). I sistnemnte besøksstrategi vert Aurlandsdalen trekt fram som eit turområde som skal satsast på for å kanalisere ferdselen ut i randsona til landskapsvernområdet.

## Nærøyfjorden verdsarvpark

Verdsarvparken vart stifta i kjølvatnet av tildelinga av verdsarvstatusen til Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden, og var ein av dei første regionalparkane i Norge. Dei arbeider for utvikling av lokalsamfunnet gjennom brei verdiskaping tufta på natur- og kulturverdiane knytt til verdsarvområdet og regionen. Parken fungerer mellom anna som støttespelar for lokale aktørar og tek sikte på å verne om lokal natur- og kulturarv med strategien om «vern gjennom bruk». I tillegg arbeider dei for å sikre verdsarven for framtida gjennom istandsetjing og bevisstgjerjing om verdiane knytt til den (nærøyfjorden Verdsarvpark, 2014). Verdsarvparken har ei aktiv rolle i Aurlandsdalen som støttespelar og koordinator for grunneigarar og ulike interessantar knytt til dalen. Mellom anna er verdsarvparken med i ei styringsgruppe som er oppretta for å samordne alle interresantane i Aurlandsdalen. Blandt desse finn ein til dømes grunneigarane, frivillige orgnaisasjonar som Venner av Aurlandsdalen og DNT samt representantar for E-CO energi (Bjarnadóttir, 2020).



Figur 4. Kart over studieområdet (kartdata: NIBIO og GeoNorge)

## 1.2 PROBLEMSTILLING, METODE OG OPPGÅVESTRUKTUR

# Problemstilling

I denne oppgåva forsøker eg å samordne verdigrunnlaget eg har fått gjennom oppveksten og kulturarven frå heimstaden min med noko av det landskapsarkitekturfaget har å bidra med for utvikling mot eit bærekraftig samfunn. Som ledd i dette har ein grunntanke gjennom oppgåva vore at bevisstgjøring kring natur- og kulturarven kan føre til ei haldningsendring og ein større omtanke for planeten som igjen påverker folk sine handlingar og val i kvardagen.

Formuleringa av problemstillingane har endra seg fleire gonger i løpet av skriveperioden i takt med oppdagingar eg har gjort kring kulturarven samt teori- og litteratur. Ettersom oppgåva har utvikla seg har den dreia meir og meir i retning av kulturell verdiskaping som grunnlag for å danne sterkare relasjonar mellom folk og stad. Med dette som utgangspunkt har eg formulert følgjande hovudproblemstilling og underproblemstillingar:

## Hovudproblemstilling

*Korleis kan fysisk og immateriell kulturarv knytt til ferdsel og bruk av fjellet vere ein ressurs for å styrke relasjonen mellom folk og fjellandskap i dag?*

### Underproblemstilling 1

*Korleis bidreg møtet med landskapet til å bygge relasjonar mellom folk og landskap?*

### Underproblemstilling 2

*Korleis kan kulturarven nyttast som ressurs for folk i dag?*

### Underproblemstilling 3

*Kva er potensialet for kulturell verdiskaping med grunnlag i kulturarven i Aurlandsdalen?*

# Metode og oppgåvestruktur



Figur 5. Oppgåvestruktur

For å svare på oppgåva si hovudproblemstilling vert dei tre underproblemstillingane utforska gjennom teori- og litteraturstudie i Del 2 og eit eksempelstudie med Aurlandsdalen som eit representativt landskap i Del 3 av oppgåva (figur X). Del 2 og del 3 utgjer til saman kunnskapsgrunnlaget som vert diskutert i oppgåva sin diskusjonsdel, Del 4. Målet med diskusjonen er å kome fram til eit sett med retningslinjer som skal svare på oppgåva si hovudproblemstilling. Retningslinjene vert så testa ut i eksempelstudiet gjennom forslag til moglege tiltak.

## Landskapsressursanalyse

Sentralt i eksempelstudiet er metoden for landskapsressursanalyse (LRA) som baserer seg på rettleiaren «Landskapsanalyse: Framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi» utvikla av Aurland Naturverkstad og Riksantikvaren (2010). Metoden bygger på Landskapskonvensjonen som har som mål å auke deltaking blant folk i planlegging og forvaltning av landskap, mellom anna gjennom å auke bevisstheita kring landskapet sine verdiar (art. 6a) og aktiv medverknad i planprosessar



(art. 6c). Konvensjonen fremjar dessutan den aktive rolla menneske har i forminga og oppfatninga av landskap gjennom sin definisjon. Med dette som utgangspunkt tek metoden for landskapsressursanalyse sikte på å koble metodar for landskapsanalyse med undersøkingar av folk sitt forhold til stad som kjem fram i ei stadkjensleundersøking. I analysen gjer eg ingen klår skilnad på landskapsanalysen og stadkjensleundersøkinga, då nettopp opplevinga i møtet med landskapet der stadkjensla oppstår er ein sentral i motivet for undersøkinga av landskapet og kulturarven som ressurs i tråd med denne oppgåva sine problemstillingar.

Landskapsressursanalysen tek sikte på å identifisere og fremje ressursane i landskapet (Clemetsen & Krogh, 2010). I hovudproblemstillinga spør eg etter korleis kulturarven kan verte ein ressurs for å styrke relasjonen mellom folk og fjellandskap i dag, og det er derfor naturleg at hovudtyngda av analysane retter seg mot kulturarven i landskapet. I metoden har eg nytta ei rekke

verktøy som semistrukturerte intervju, synfaringar, kartanalyser og litteratursøk. I analysane spelar også min personlege relasjon og erfaringar knytt til området og kulturen ei rolle ettersom eksempelstudie tek for seg eit område i min heimkommune.

### **Semistrukturerte intervju og utval av intervjukandidatar**

Intervjua var ein sentral del av stadkjensleundersøkinga, men også eit middel til å skaffe opplysningar om ulike tema knytt til eksempelstudiet. I intervjua nytta eg ein intervjuguide med førehandsbestemte spørsmål (vedlegg 1) som fungerte som ei ramme for samtalen. Metoden var ideell i at intervjuet følgde ein klar struktur, samstundes som intervjukandidatane sto fritt til å snakke om det dei tykte var relevant i den settinga. Slik vart det rom for at også informasjon eg på førehand ikkje visste var relevant også kom fram gjennom samtalan og for å stille oppfølgingsspørsmål om særskilde tema som dukka opp i samtalen. Intervjukandidatane vart

plukka ut med omhug, og er eit utval av folk med ulike roller og ulik informasjon om tema knytt til eksempelområdet.

### **Synfaringar**

Det har vore gjennomført fleire synfaringar både på hausten i forkant av prosjektperioden, og vinteren under prosjektperioden. Ei ulempe har vore at store delar av studieområde er utilgjengeleg på seinhausten og vinteren grunna snø og rasfare. Det har derfor ikkje vore gjennomførbart med synfaringar over heile området. I etterpåklokskapen ser eg at det ville vore ein fordel med meir grundig synfaring i løpet av sommaren eller tidleg på hausten. For registreringar og landskapsanalyser har eg av den grunn delvis basert meg på registrering i felt under synfaringar, delvis på tidlegare erfaringar og opphald i området, samt på informasjon i intervju, kartstudiar og litterære kjelder. Områderegistreringane har teke utgangspunkt i skjema for fastsetting av landskapskarakter (vedlegg 2) frå framgangsmåten etter Aurland Naturverkstad og Riksantikvaren (2010).





# DEL 2

## KUNNSKAPSGRUNNLAG: TEORI OG LITTERATUR

## 2.1 TEORI

Det overordna målet med oppgåva mi er å undersøke korleis relasjonsbygging mellom folk og landskap kan føre til ein sterkare bevisstheit og sensitivitet kring natur, miljø og landskap. Her er ein økologisk tankegang som mellom anna er henta frå økofilosofar som Aldo Leopold, Arne Næss og David Abram grunnleggande for oppgåva noko eg går nærare inn på i den første delen av teorikapittelet. Vidare utforskar eg nokre teoretiske perspektiv på korleis ein i møte med landskapet og ferdselsvegen kan oppleve transformativ læring i retning av ei økologisk omstilling.

# Mot ei økologisk danning

*«Conservation is going nowhere because it is incompatible with our Abrahamic concept of land. We abuse land because we regard it as a commodity belonging to us. When we see land as a community to which we belong, we may begin to use it with love and respect.»*  
(Leopold, 1989)

## Eit økologisk perspektiv

Utsagnet over stammar frå økofilosofen Aldo Leopold som grunnla landskapsetikken (land ethics) (Leopold, 1989). Landskapsetikken går vekk ifrå det dualistiske syn der ein skiljer mellom menneske og natur der menneske fungerer som herskar og erobrar over naturen. I staden definerer Leopold menneske inn i eit naturfellesskap med dyr, planter, fjell, sjøar, elver og skogar. Som ein del av dette fellesskapet vert menneska sitt handlingsrom naturleg avgrensa for alt innan fellesskapet er gjensidig avhengig av kvarandre og deler ein personleg relasjon.

Det me sjølv kjenner oss som ein del av vil me også behandle med kjærleik og respekt (ibid). Ei liknande holistisk tilnærming finn vi i Arne Næss sin Økosofi T (økosofi Tvergastein) og djupøkologien. Næss har basert sin økosofi på Baruch Spinoza sin filosofi der Gud og verda er eitt. Næss introduserer omgrepet om det «utvidede selv» der ein må forstå «selvet» som ein del av den heilskapen det inngår i. Sjølvrealisering inneberer da også realisering av den heilskapen (naturen) som vi er ein del av. Heilskapen er ikkje berre summen av dei enkelte delane, men eit komplekst mangfald av relasjonar og kvalitetar som har ein verdi i seg sjølv. Han trekker fram «gestaltperspektivet», den umiddelbare oppfatninga av heilskapen som omgir oss som sentral for menneskelege erfaringar og opplevingar. For barn er dette perspektivet dominerande for korleis ein opplever verda, men ettersom ein veks til vert ein utsett for ein systematisk «avlæring» av gestaltperspektivet mot ein meir «atomatisk» tilnærming til verda som Næss kallar «supermarknadoppfatninga» der ein oppfatar verda som beståande av enkelte individuelle

deler utan samanheng, litt som objekta på ei butikkhylle. Denne avlæringsprosessen er å ikkje ta den spontane opplevinga av dei overordna gestalta alvorleg (Næss et al., 2008).

Både i Leopold sin landskapsetikk og Næss sin økosofi T hevdar at dei økologiske og miljømessige krisene vi står ovanfor i dag har blitt til nettopp på grunn av at menneska har definert seg ut av naturen og unnlèt å verdsette samhengane og vise omsyn til naturfellesskapet (Leopold, 1989; Næss et al., 2008). Likeeins hevdar filosof og antropolog David Abram som seier at vi gjennom å objektivisere naturen har mista evna til å lytte til og forstå den, og at vi i vår siviliserte kultur har ei merkverdig «manglande evne til å finne meining i anna enn menneskelig teknologi [og] menneskelig språk» (Abram, 2012 s. 39). Vidare hevdar han, som Næss, at dette er noko vi er tillært gjennom utviklinga av vår sivilisasjon. Han meiner at vegen «tilbake» til å forstå verda er å tre inn i ei meir kroppsleg tilnærming der ein anerkjenner dei umiddelbare og spontane inntrykka ein får gjennom sansane (ibid.). Til dømes vil ein person som går gjennom

Aurlandsdalen ikkje kunne komme med ei objektiv tolking av landskapet, men baserer si tolking på dei kroppslege inntrykka som ho eller han har fått i det direkte møtet med dalen. Dette er like fullt eit grunnlag for ei heilskapleg forståing.

### Landskaping – i indre og ytre landskap

Fenomenologien legg opp til ei tolking av verda ut i frå våre direkte sanseintrykk. Maurice Merleau-Ponty framstiller inntaket av sanseintrykk, persepsjonen, som ein dialog mellom det indre og ytre. Det er eit konstant samspel der alle skapningar og ting kommuniserer med kvarandre. Kvar enn ein er foregår det ein dialog mellom kvart enkelt individ og alt som er i omgjevnadane. Omgjevnadane, naturen er noko levande som aktivt påverkar vår oppfatning av dei, «den tenker seg sjølv i meg» (Merleau-Ponty, 1996). Ut ifrå Merleau-Ponty sine tankar om at omverda aktivt spelar inn i persepsjonen nyttar Abram ordet deltaking for å skildre akta persepsjon. Her er både personen, den som sansar eller

persipierer og tingen eller vesenet aktivt deltakande i prosessen; «Når kroppen reagerer på ei stum oppfordring frå eit anna vesen, svarer dette vesenet ved å røpe et nytt aspekt eller ny dimensjon som innbyr sansane til vidare utforsking. Gjennom denne prosessen tilpassar kroppen seg gradvis dei andre tinga sitt særpreg. [...] Tingen eller vesenet får ein djupare plass i mi verd» (Abram, 2012 s. 61). Ved å ta i bruk sansane vert nye dimensjonar av tingen eller vesenet avdekt for den som sansar. Dei ulike sansane kan gi tilgang på ulike dimensjonar, og persepsjonen vert til i samspelet mellom desse sanseintrykka. Dess fleire sansar som er aktivt med i persepsjonen dess rikare vert inntrykket av tingen eller vesenet (ibid.). I den engelske versjonen av Landskapskonvensjonen vert «landskap» definert som: «[...] an area as perceived by people whose character is the result of the action and interaction of natural and/or human factors» ((egen utheving) ELC, 2000). Persepsjon vert her ein viktig del av definisjonen som på norsk er oversett til «[...] eit område slik folk oppfattar det [...]». Slik Abram forklarar det vert landskapet til gjennom ein dialog mellom

dei ytre faktorane og det sansande individet. Her kan ein finne parallellar til prosessen Erling Krogh kallar landskaping, der landskapet vert til i møtet mellom det ytre landskapet og det indre landskapet (Bischoff, 2008). Det ytre landskapet er alle dei ytre faktorane som verkar inn på vår oppleving av ein stad som vår, temperatur, planter, stein, terrengformer, bakken under oss, horisonten osv. Det er dette Abram omtaler som livsverda (Abram, 2012). Det indre landskapet er «bagasjen» kvar enkelt har med seg av kulturell bakgrunn og tidlegare erfaringar. Annette Bischoff trekker fram teoretikaren Pierre Bourdieu som forklarar at kulturelle og sosiale strukturar set seg i kroppen. Den vert til ein slags kroppsleg kompetanse – habitus – for handlingar og tolkingar i bestemte situasjonar (Bourdieu, 1984).

Sjølve møtet mellom det indre og ytre landskapet der landskapinga skjer er i den direkte kroppslege samhandlinga med omgjevnadane. Me tek inn omgjevnadane gjennom sanseintrykk, vinden mot huda, luktene i lufta, bakken under føtene, og alt me ser, tek på og kjenner gjennom kroppen.

Samstundes vert inntrykka tolka gjennom dei erfaringane me har med oss, og me gjer oss opp ein meining om kva som er landskapet. Dette er ein læringsprosess som igjen vil bli ein del av vårt erfaringsgrunnlag for vidare landskaping. I landskap ligg det soleies alltid eit læringspotensiale (Bischoff, 2008).

### Transformativ læring

Filosofen Trond Jakobsen (2005) trekker fram læring som ein viktig del av bevisstgjeringsknytt til ein økologisk omstilling, i denne samanheng transformativ læring. I den transformative læringa er økologien sjølv grunnlaget. Alle andre felt, vere seg økonomi, politikk, jordbruk eller medisin, må vere ei forlenging av økologien. Her er planetær bevisstheit sentralt; bevisstheita om menneske som ein del av økosystemet, vår plass på planeten jorda og relasjonane og forbindelsane vi er ein del av (jf. Næss og det «utvida selvet»). Jakobsen trekker fram at vi har behov for forteljingar som kan rettleie oss mot noko anna enn det som er det rådande «mytos», oppfatninga av verda.

Her må ein ta utgangspunkt i reelle situasjonar og stader. Bioregionen vert då trekt fram som ein ideell læringsarena der ein finn forteljingar om menneske sin plass i økologien. Eit viktig ledd i det transformative læringsperspektivet er gjenoppdaginga av «mysteriet», det vil sei undring over fenomen ein kjem over, om verda og samhengane. «Mysteriet», undringa retter merksemda mot dei planetære tilhøva, og kan

få ein til å stille spørsmål med rådande «mytos» (Jakobsen, 2005).

### Forteljingar frå stad og landskap

Abram (2012) fortel om korleis staden og forteljinga er uløyseleg knytt til kvarandre for Apachefolket i Nord Amerika. Når dei fortel ei forteljing vil dei alltid innleie og avslutte med kvar forteljinga fann stad. Utan staden vert forteljinga absurd (ingenting kan då



hende ingenstads) og den mister si kraft. Blant Apachane er landjorda og forteljingane knytt til den ein «voktar» for rettskaffen oppførsel. «Landet forfølger alltid mennesker. Landjorden får folk til å leve rett. Jorden passer på oss. Landskapet passer på mennesker.» (ibid., s. 147). Forteljingar vert ofte nytta for å belære om rett og gal oppførsel, og staden forteljina er knytt til vil alltid vere der til å minne om forteljinga, sjølv etter at den som fortelte ho er borte (ibid.).

Potteiger og Purinton skriv i boka *Landscape narratives* (1998) at landskapet inneheld mange forteljingar som er danna gjennom naturlege og kulturelle prosessar og praksisar og ligg implisitt i landskapet. Dette er forteljingar om naturlege prosessar som vinden, om elva som grev seg ned i landskapet, om breane som for så lenge sida forma fjell og dalar eller om folk sin praksis og tradisjonar knytt til landskapet og spesielle stader (Potteiger & Purinton, 1998). «Bio-regionen» seier Jakobsen er historia om «staden eller landskapet, om dei felles band som bind landskapet eller staden saman, om dei menneskelege fellesskapa og dei

menneskelege fellesskapa sin avhengigheit av sine lokale omgjevnader». Læring knytt til stad kan fremje slike forteljingar som gir ei sterkare planetær bevisstheit. Den fysiske kontakten med den fysiske staden kan hjelpe til å gjere fenomenet eller forteljinga meir konkret. Til dømes kan læring om kulturelle fenomen slik som ressursutnyttinga i fjellandskapa bidra til ei forståing av korleis det fysiske landskapet sette rammene for det menneskelege livet, og at gjennom skånsom og hensiktsmessig skjøtsel kunne fremje både produktivitet og biologisk mangfald på stader ein i dag gjerne vil avskrive som moglege jordbrukslandskap. Det fysiske møtet er med på å gjere forteljinga om tidlegare bruk mindre abstrakt. Ein kan sjå, ta på, oppleve korleis staden ein gong har vorte nytta og kva som var den menneskelege rolla i å forme den (Jakobsen, 2005). Her kan ein snakke om stadbasert læring. I stadbasert læring tek ein utgangspunkt i staden og landskapet sine eigne ressursar (Barane et al., 2015; Haukeland et al., 2010). Gjennom deltaking og bruk av landskapet utviklar ein stadkjensle, eit omgrep som er fritt oversett til norsk etter det engelske uttrykket

«sense of place» (Clemetsen & Krogh, 2010). Stadkjensla er knytt til ein person si særskilde oppleving av eit fysisk område, opplevingar som vert danna gjennom handlingar og aktivitetar og vert påverka av personen sine indre erfaringar. Gjennom meir aktiv samhandling med staden vil den fylles med mening, og stadkjensla veks (ibid.).

### Ferdselsvegen som landskap

Gamle ferdselsvegar er i seg sjølv ei forteljing om bruk av landskapet i tidlegare tider. Torbjørn Ekelund skriv i boka «Stiens Historie» (2019) at «stiene er fortellinger om mennesker som har gått til fots. [...] De peker framover mot reisens mål, men de peker også bakover mot alle som har gått dem før oss [...]. Stienes historie er historien om oss.» (s. 19). Stiar og ferdselsvegar har oppstått som ein organisk struktur på grunn av eit behov for å ta seg fram i landskapet. Dei er uløseleg knytt til det fysiske landskapet, terreng, elvar og berg, og er forma etter den bruken vegen til ei kvar tid vart intendert for. Ferdselsvegen sin karakter



reflekterer dette behovet; var det ein kløvveg der tunge hestehøver skulle finne fast grunn, geiteveg for lettfota geiter som enkelt kan klyve opp bratte svaberg, eller handelsveg for folk, har vegen tatt form deretter (Bischoff, 2008). Stien, eller ferdselsvegen er sentral i opplevinga av landskap. Den set føringane for kva sansar som er aktive og vår persepsjon, for vårt møte med landskapet. Skildringa av «nyvegen» og «gamlevegen» frå ei bok av Peter Wessel Zappfe gir eit bilete av to forskjellige vegar som landskap, men også av korleis dei ulike vegane formar deg som person i møtet med dei:

*«Nyvegen skjer seg beint fram i lendet, brei og fin, rask og god å køyre. Han høyrer vår tid til; Fart, Forandring, Framover. Men nyvegen har ikkje rom for vandraren. Gamlevegen som krokar seg fram, attgrodd og gløymt, blir leita fram att. Og far etter dei som fór her, og minnet om dei som budde langs vegen, blir levande att. Gamlevegen har så god tid. Han roar også oss ned og gjev rom for ettertanke. «Den gamle vegen er som en tanke, du aldri riktig får tenkt til ende» seier Einar*

*Skjæråsen.»*

*(Peter Wessel Zappfe i Bischoff, 2008 s. 3)*

I «Gamlevegen» ligg minna om tidlegare liv levd nedfelt i vegen og landskapet, dei er ein del av landskapet si forteljing. Når vi vandrar på stiar erfarer vi stien sin faktisitet og ibuande bodskap kroppseleg gjennom alle sansane våre. Stien sin iscenesetting, tilrettelegging, set føringar for kva sansar me skal ta i bruk medan me vandrar og slik for vår persepsjon av landskapet (ibid.). Ordet iscenesetting gir assosiasjonar til drama, forteljingar som utspeler seg på ei scene. Når ein vandrar gjennom landskapet utspeler forteljingane i landskapet seg gjennom iscenesettinga av stien og landskapet. I hagekunsthistoria finn ein tradisjonar for å forme landskapet til å fortelje historiar. Mellom anna kan ein trekke fram opning av utsikt, vista, synleggjering eller tildekking av særskilde landskapselement (revealing and concealing), plassering av spesielle objekt og oppbygging av sekvensar, rekkefølgja dei ulike verkemiddela vert nytta for å fortelje historia (Potteiger & Purinton, 1998). Eit dominerande trekk for dei ulike verkemiddela er at dei i stor grad retter

seg mot synssansen. Satt på spissen utspeler landskapsforteljinga seg som ein film på eit lerret. Også i iscenesetting eller tilrettelegging av turstiar meiner Bischoff at det generelt er eit for einseitig fokus i tilrettelegginga. Den er dominert av tilrettelegging for at stien skal verre lett å gå på samstundes som sårbar natur vert skjerma. Det er fokus på utsikt og rydding slik at turgåaren vert skjerma frå å verte våt på beina og anstrenge seg for mykje medan ein går i ulendt terreng. Stien, landskapet erfarast først og fremst gjennom syn og opplevinga av å gå medan andre sanseopplevingar i stor grad vert neglisjert. Ho meiner at for å kome nærare læringsmoglegheitene må ein analysere og tilrettelegge stien og landskapet ut ifrå pedagogisk refleksjon (Bischoff, 2008). Her kan ein igjen trekke koplingar til det transformative læringsperspektivet og ei fenomenologisk tilnærming til landskapet der det kroppseleg møtet er i fokus.

## 2.2 KULTURARVEN SOM RESSURS

I teorien fann eg at opplevinga av landskap er avhengig av kvar enkelt sin personlege bakgrunn og dei ytre faktorane i det fysiske landskapet. Eg fann også at det i eit kvart møte med landskapet ligg eit potensiale for transformativ læring.

Kulturarven i landskapet har eit særskild potensiale for å fremje det kultur-økologiske samspelet og menneske som ein del av den økologiske samanhengen. I dette delkapittelet vil eg først undersøke kva kulturarven innebærer, kva tilnærming norsk forvaltning og politikk har til kulturarven og kva som er status for kulturarven i fjellandskapa. Til slutt vil eg trekke fram verdiskapingspotensialet knytt til natur- og kulturarv med utgangspunkt i den «breie verdiskapinga» frå eit regionalt perspektiv.

# Kva er kulturarven?

Kulturarven i landskapet vitjar om ei svunnen tid og liv slik dei var før. Ein kan seie at kulturarven har to former; ei materiell form som omfattar alle fysiske spor av kulturarven og ei imateriell form som til dømes språk, stadnamn, tradisjonar, kunnskap og alt arbeid som ligg bak det fysiske landskapet (UNESCO, 2017). Kulturarven i fjellandskapa er eit resultat av eit tett samspel mellom naturgitte tilhøva som landformer, geologi eller klimatiske tilhøve, og menneskeleg påverknad, mykje knytt til gardsdrift, jakt og ferdsel. Dei fysiske spora av denne arven kjem i form av gamle gards- og stølsbygg, murar, rydningsrøyser, reiskapar, jaktannlegg og andre rester av tidlegare bruk (Austad & Øye, 2001). Også meir subtile spor som opne flekkar i skogen, tidlegare styvingstre og vegetasjon som er resultat av beiting kan synest i landskapet. Desse er biologiske kulturminner (Daugstad, 2001). Spora i landskapet reflekterer eit komplekst samspel mellom naturgitte tilhøve og menneska sine tradisjonar og kunnskapar (Haukeland et al., 2010).

## Strategisk tilnærming til kulturarven

I eit eksempel frå Røros viser Daugstad (2001) til ulike strategiske tilnærmingar for vern av kulturarven i landskapet. I nokre tilfeller forsøker ein å «fryse» kulturminna i den forma ein finn dei i dag, andre gonger å rekonstruere med grunnlag i historiske kjelder. Ein siste tilnærming er å gi «likevekt til alle historiske lag», inkludert vår eiga tids bruk. Her er ein full konsekvens at spor etter tidlegare tider ikkje skal stå til hinder for tilpassing til ny bruk. I alle tilfella vil ein alltid måtte stille ulike historiske lag opp imot kvarandre. Dersom ein vel å «fryse» tilstanden utan ingrep kan naturlege suksessjonar føre til forfall og at kulturminnet går tapt. Dersom ein derimot går aktivt inn for å bevare tilstanden kulturminnet er i idag vil dette også medføre eit inngrep og er dermed ei «endring i seg sjølv» (Daugstad, 2001, s. 75).

Mange tek til orde for å rekonstruere eller restuarere kulturminner, men heller ikkje dette er uproblematisk. Historiske kjelder er ofte ufullstendige, og ein kan aldri vite nøyaktig korleis det var. Dessutan vil ein i prosessen med å rekonstruere ofte fjerne

mykje av originalmateriale, og ein kan byrje å stille eit spørsmål med kulturminnet sin autensitet når rekonstruksjonen er ferdig. Ein må også stille seg aktivt til spørsmålet om kva tilstand ein vil restaurere til, og prioritere nokre historiske lag framfor andre (Stoknes, 2001). Kulturminneforvaltning er ofte ei kjelde til konflikt, og ein vil alltid måtte inngå kompromiss på vegne av ulike interesser og dei ulike historiske laga.

I UNESCO-området Røros vert opplevingsaspektet viktig for forvaltninga. Formidling og tilgjengeleggjering for besøkande vert ofte vektlagt. Heller ikkje dette er uproblematisk i at tilrettelegginga ofte fører til meir folk og større belastning for kulturminna ein søker å verne. Tilrettelegging og informasjonstiltak vil av nokon også kunne opplevast som i overkant mykje, og kunne spolere det «autentiske» preget. Tiltaka som i utgangspunktet var meint å fremje kulturarven i landskapet gjer at kulturminnet oppfattast som «kunstig» og ein «ferdigtygd oppleving» (Daugstad, 2001, s. 76).

## Kulturminner

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.»

*(Kulturminneloven, §2 første ledd)*

## Kulturmiljø

«Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng.»

*(Kulturminneloven, §2 andre ledd)*

## Biologiske kulturminner

«menneska si historie i landskapet og tilknyttinga dei har hatt til dei ulike lokale naturressursane.»

*(Bele et al., 2019)*

## Immateriell kulturarv

«Med immateriell kulturarv menes for eksempel muntlige tradisjoner og uttrykk inkludert språk, utøvende kunst, sosiale skikker, ritualer og festiviteter, kunnskap og ferdigheter knyttet til naturen, og tradisjonelle håndtverksferdigheter.»

*(St. meld. nr. 16 (2004-2005))*

# Nye nasjonale mål for kulturmiljø

Våren 2020 la regjeringa fram ei ny stortingsmelding for kulturmiljøpolitikken der dei lansere nye nasjonale mål for kulturmiljø\*. I meldinga vert det lagt vekt på at Kulturmiljø i større grad skal takast i bruk og nyttast som ressurs for bærekraftig utvikling. I tillegg vert det understreka at kulturmiljø må sjåast i samanheng med natur, miljø og samfunn. Vern gjennom bruk er ei grunntanke i stortingsmeldinga og det vert sagt at «Fortsatt bruk er i dei fleste tilfella den beste måten å ta vare på kulturminner og miljø» (St. meld. nr. 16 (2019-2020) s.42)

Ei rekke internasjonale føringar som Norge har forplikta seg til ligg til grunn for stortingsmeldinga, deriblant FN's bærekraftsmål, Unesco-konvensjon om vern av verdas kultur- og naturarv (Unescokonvensjonen) frå 1972, Europeisk landskapskonvensjon (ELC) frå 2000 og Konvensjonen for kulturarvens verdi for samfunnet (Faro-konvensjonen) (St. meld. nr. 16 (2019-2020) kap. 7). Vidare vil eg no gå inn på korleis korleis meldinga fremjer bruken av kulturarven som ressurs.

## Mål 1:

**Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.**

Det første målet for kulturmiljø tek sikte på å fremje engasjement og personleg ansvar kring kulturmiljø i tråd med ELC artikkel 6A og Faro-konvensjonen som understreker alle har rett til å ta del i og tolke sin eigen kulturarv (Faro-konvensjonen, 2005). Her vert det lagt vekt på å få fram at kulturarv er relevant for alle og at den kan nyttast for å bygge relasjonar mellom folk og stad for å styrke identitet, stoltheit og ansvarskjensle (St. meld. nr. 16 (2019-2020) kap. 8).

The Faro Way var ei toårig samarbeidsavtale mellom EU og Europarådet der ein arbeida aktivt med å fremje måtar å ta i bruk kulturarven som ressurs for bærekraftig utvikling. Kulturarven vert då ikkje betrakta som noko statisk som skal bevarast i ein bestemt form, men tvert om som ein dynamisk del av samfunn og landskap i stadig endring. Kulturarven veks og vert rikare ved at fleire vert den bevisst, engasjerer seg og omfamner den som ein del av sin identitet (Interpret Europe, 2018).

I dette arbeidet vert frivillig sektor trekt fram som viktig. Fortidsminneforeininga er ein av dei mange frivillige organisasjonane som arbeider med å fremje vern og vidreføring av kulturarven. Dei vart stifta i 1844 og hadde lenge ei særstilling i arbeidet med kulturminnevern i Norge. Mellom anna var det dei som fekk pressa igjennom opprettinga av Riksantikvarembudet i 1912. I dag er dei stadig like engasjert i norsk kulturarv og har eit særskild fokus på å fremje samanhengar mellom tradisjonell kunnskap og historie og den materielle kulturarven. Dei støtter restaurering og istandsetjing av kulturminner, men med krav om at istandsettinga skal innbære element av formidling og vidareføring av tradisjonelle handtverksteknikkar og kunnskapar knytt til dei. Foreininga har vore svært aktive i Aurlandsdalen mellom anna med restaureringa av høgdegarden Sinjarheim (Fortidsminneforeiningen, u.d.).

## Mål 2: Kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom heilskapeleg samfunnsplanlegging

FN's bærekraftsmål skal sikre bærekraftig og heilskapeleg planlegging i alle ledd. Å verne om og sikre verdas natur- og kulturarv er eit eige delmål under bærekraftsmål 11 Bærekraftige byar og samfunn. I stortingsmeldinga vert kulturmiljø trekt fram som ein ressurs for måloppnåing også på andre felt. Til dømes vert det lagt vekt på at kulturarven er viktig for sosial bærekraft for å fremje kulturelt mangfald, tilhøyrgheit og identitet. I tillegg er kulturarven viktig med tanke på ressursutnytting og gjenbruk. Sentralt i bærekraftsbegrepet ligg ideen om at ein må sjå alt i samheng. Kulturmiljø er då ei viktig kjelde til kunnskap og opplevingar, og har eit stort potensiale til å kommunisere samanhengar mellom ressursutnytting og verdiskaping (St. meld. nr. 16 (2019-2020) kap. 9).



FN's bærekraftsmål  
11.4:

«Styrke innsatsen for å verne om og sikre verda sin kultur- og naturarv»

Figur 7. FN's bærekraftsmål (grafikk henta frå FN-Sambandet, 2020)

## Kulturarven i friluftsliv

«også stien i seg selv kan fortelle en historie, blant annet om en helt annen utnyttelse av naturressursene enn i dag.»  
(DNT & Riksantikvaren, 2018).

Når ein tenker på *friluftsliv* er det ikkje nødvendigvis kulturarven og kulturminna som først ramlar ned i tankane. Søker ein på «norsk friluftsliv» i sosiale mediekkanalar er resultatata først og fremst dominert av bileter av fargerike friluftsfolk som skuer utover storslått natur, eller av bålkos og teltturar i skog og mark, ute i den «urørte naturen». Likevel er mange populære friluftsområder stader som har vore kulturpåverka i mange hundre år. Her kan kulturarven vere ei kjelde til oppleving og læring.

I nasjonal politikk om friluftsliv vert det trekt fram at det å få ei forståing for landskapet si historie og tidlegare bruk er ein viktig del av naturopplevinga (St.meld. nr. 18 (2015-2016) s. 11). Også DNT, Norges største friluftslivsorganisasjon har dei siste åra byrja å ta kulturarven meir inn i satsinga si (Brunborg-Næss, 2020 p.m.).

Historiske vandreruter er ei slik satsing gjennom eit samarbeid mellom Riksantikvaren og DNT. Satsinga har som

mål å fremje ferdsel og friluftsopplevingar langs gamle stiar og vegfar. Satsinga starta i 2015 der Finnskogrunden i Hedmark var den første Historiske vandreruta som vart opna. Per i dag finst det 11 ruter med denne statusen i Norge og tre til er under arbeid (St. meld. nr. 16 (2019-2020) s. 57). For å bli ei historisk vandrerute vert det stilt visse krav om at dei aktuelle aktørane gjer seg kjend med historia knytt til ruta, kulturminna som finst der og at dei jobber aktivt med formidling av denne historia både digitalt og med informasjon langs ruta. Slik skal turgåarar få moglegheit til å verte kjende med kulturarven i landskapet dei ferdest gjennom. DNT håpar at Historiske vandreruter bidreg til at folk får augo opp for kulturarv på tur, og kanskje kjenner ein slags forbindelse til menneska som har levd av naturen før og lære om korleis folk i Norge har nytta seg av naturressursane (Brunborg-Næss, 2020 p.m.).

### Mål 3:

**Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk**

Det siste målet for kulturmiljø trekker fram at ein i større grad skal satse på å skape engasjement kring kulturmiljø på grasrota, altså vil framtidig vern i stor grad vere avhengig av nedanfrå-og-opp tiltak, med unntak av vern av kulturminner og miljø som har juridisk vern gjennom lovverk som t.d. kulturminnelova. Ei satsing som speglar denne strategiske tilnærminga er Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. I satsinga må ein samordne landbruks, natur- og kulturmiljøforvaltninga, og ein er avhengig av støtte i lokalsamfunn og grunneigarar i det aktuelle området. Satsinga er ei tilskotsordning som tek sikte på vern av kulturminner, -miljø og landskap gjennom aktiv drift og langsiktig skjøtsel og er mellom anna eit ledd implementeringa av ELC i forvaltning av norske landskap (ibid. kap 10).

Det er ei utfordring at mykje av vår kulturarv, både materiell i form av kulturminner og -miljø, men også den immaterielle som til dømes kunnskap og forteljingar. Slik mister me årleg viktige kjelder til kunnskap og opplevingar og andre verdier knytt til kulturmiljø. Det er likevel ikkje mogleg å ta vare på alt, og det vil derfor vere viktig å sikre eit mangfald av kulturmiljø med geografisk spreiding og ulik kulturell bakgrunn (St. meld. nr. 16 (2019-2020) kap. 10).


### Status for kulturarven i fjellandskapa

Kulturarven i fjellandskap er som tidlegare nemnt sterkt knytt til det utmarksbaserte landbruket og er dermed i stor grad påverka av landbrukspolitiske føringar. Både nasjonale mål og globale føringar legg vekt på behovet for å verne om kulturarven og halde den i live. Trass dette er trendane i norsk landbruk tydelege: det norske landbruket går frå eit utmarksbasert jordbruk med høgt innslag av sjølvbergingsbruk til ei meir moderne og konvensjonell drift (NOU, 2013). Små- og mellomstore gardsbruk er taparane og mange legg ned drifta. Dette

medfører mellom anna ein stor nedgang i stølsbruk, som i hovudsak knyter seg til nettopp dei små og mellomstore gardsbruka. Dette har stor innverknad på landskapet då nedgang i beitebruk fører til at kulturmarka veks til med skog, og mange av kulturspora i landskapet forsvinn. Også beitekvaliteten som er avhengig av regelmessig skjøtsel gjennom beitebruk vert dårlegare då dei lyskjære artane forsvinn under busker og kratt. Heile 24% av dei trua artane i Norge knyter seg til kulturlandskap, og dei fleste av dei til kulturlandskap i utmarka. Det er desse som no står i fare for å forsvinne. I tillegg vert det lengre mellom dei som sit på kunnskapar om utmarksbruk og mattradisjonar knytt til stølsbruk. Slik forsvinn mykje av både den materielle og immaterielle kulturarven knytt til fjellandskapa (Bunger & Haarsaker, 2020).

Alliansen Ny Landbrukspolitikk (ANL) er blant dei som hevdar at årsaka til nedlegging av drift på små og mellomstore bruk skuldast ei politisk styring som legg for stor vekt på økonomieffektivt framfor resurseffektivt landbruk. Dei etterlyser politiske føringar som

går inn for eit landbruk med utgangspunkt i utnytting av stadeigne ressursar framfor å maksimere produksjonen. Dette ville innebære ei satsing på mellom anna utmarksbeite og stølsbruk (ANL, 2019).



Figur 8. Antal gardsbruk med støl eller andel i støl i åra 1850-2010 (fritt etter figur frå ANL, 2019, s 6 med tal henta frå SSB og Landbruksdirektoratet)

# Kulturarven som ressurs for brei verdiskaping

Brei verdiskaping er eit omgrep som vart utvikla i samband med verdiskapingsprogramma «Verdiskaping på kulturminneområdet» (2006-2010) og «Naturarven som verdiskapar (2009-2014). Verdiskapingsprogramma hadde ein tredelt målsetning som skulle:

1. Vise korleis natur- og kulturarven kan bidra til verdiskaping til beste for befolkninga, næringsliv, lokalsamfunn og regionar.
2. Bidra til at natur- og kulturarven vert teken godt vare på og auke oppslutninga kring vernet av natur- og kulturarven, både i lokalsamfunna og i samfunnet generelt.
3. Utvikle og spreie kunnskap om korleis natur- og kulturarven bidreg både til bærekraftig nærings- og samfunnsutvikling.

*(Haukeland & Brandtzæg, 2019)*

Den breie verdiskapinga rommar verdiskaping i fire dimensjonar: sosial, økologisk (miljømessig), kulturell og økonomisk verdiskaping. Den kulturelle verdiskapinga er spesielt sentral i denne oppgåva, men det er viktig at ein ser dei fire dimensjonane i samheng. Ideelt sett vil dei ulike verdiskapingsformene styrke og bygge opp under kvarandre, men i realiteten møter ein ofte konfliktar der verdiskaping på eit område kan øydelegge verdiskapinga på eit anna. Arbeidet med verdiskapingsprogramma viser likevel at det er mogleg, og trekker fram samhandling som nøkkelen til suksess. For dette er ein avhengig av ei felles samarbeidsplattform og ein god koordinator.

Den breie verdiskapinga fordrar tverrfagleg samarbeid og tek utgangspunkt i ein kvadrupel helix modell der offentleg sektor, privat sektor, kompetansesektor og frivillig sektor utgjer dei fire hjørnesteinane for bærekraftig stadutvikling. I tillegg er ein avhengig av god vertikal samhandling frå lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt nivå i ei såkalla global utvikling. Den globale utviklinga trekker samheng frå


lokale verdiar til det globale, men legg også vekt på dei regionale og nasjonale samhengane (Haukeland & Brandtzæg, 2019). I ein modell henta frå boka Landskapsøkonomi (Haukeland et al., 2010) kjem det regionale perspektivet fram som eit bindeledd mellom det lokale og det nasjonale og globale.

## Kulturell verdiskaping

*«Kulturell verdiskaping innebærer innsats som kan styrke kulturverdier, som kunnskap og bevissthet om betydningen av lokal kultur- og naturarv, særpreg, tradisjoner, historiefortelling og symboler som gir grunnlag for formidling og utvikling av en stedlig identitet, stolthet og tilhørighet. Økt lokal kunnskap og bevissthet om natur- og kulturarven, og ferdigheter til å bruke den, inngår også som en del av den kulturelle verdiskapingen.»*

*(Haukeland & Brandtzæg, 2019)*





Figur 9. I den globale utviklinga (her illustrert i ein snellemodell) vert regionen trekt fram som eit bindeledd mellom lokale verdiar og nasjonale og globale trender. (Haukland & Brandtzæg, 2010, figur 10 s. 44)

## Regionalparkperspektivet

*«Ei dynamisk og langsiktig samarbeidsplattform for lokalsamfunn, myndigheiter og næringsliv med interesser i eit gitt og busett landskapsområde, som tek vare på og vidareutviklar området sine natur- og kulturverdiar, støtter lokal deltaking, fremjer bærekraftig verdiskaping og merkevarebygging gjennom integrert områdeforvaltning og stadutvikling.»*

(Svardal et al., 2008, s 10)

I Norge i dag finst det 9 regionalparkar som er samordna gjennom samarbeidsorganisasjonen Norske parker (NP) (Norske Parker, 2014). Regionalparkane tek sikte på brei verdiskaping med rotfeste i lokale resursar knytt til ein geografisk avgrensa landskaps- eller identitetsregion. På mange måtar ligg regionalparkane i skjæringspunktet mellom naturforvaltninga og samfunnsutviklinga, og inneberer samarbeid både på tvers av sektorar og kommune- og fylkesgrenser. Dei ynskjer å fremje samarbeid med lokale aktørar både innan næringsliv og offentleg forvaltning. Ulikt nasjonalparkar som tradisjonelt har ei meir

«ovanfrå og ned» tilnærming til vern av natur- og kultur har regionalparkane fokus på «vern gjennom bruk» og lokal mobilisering kring ressursane knytt stadeigen natur og kultur. Initiativet til etableringa av regionalparkar skjer lokalt, ei tilnærming med forankring i landskapskonvensjonen (Svardal et al., 2008). På NP sine nettsider står det mellom anna som ein viktig del av deira verdigrunnlag at «Parkene vil øke lokalsamfunnets verdsetting og ivaretaking av natur- og kulturverdier, slik at disse bidrar til bred verdiskaping. Formidling, engasjement og deltaking står sentralt i denne prosessen». Ein viktig del av arbeidet til regionalparkane er å bygge opp under regionen sin stadidentitet gjennom lokal forankring og å bygge regional merkevare for å samordne og fremje regionen utad (Norske Parker, 2014). Kvar enkelt park har ulike tilnærmingar, men felles for dei er fokuset på koplinga mellom natur og samfunn i eit levande landskap som rommar ulike økologiske, sosiale, kulturelle og økonomiske funksjonar (Distriktssenteret, 2014).

## Sognefjorden kystpark – Nytt liv til beitelandskapet

I Sognefjorden Kystpark i Solund, Vestland, er det sett i gang eit beiteprosjekt med villsau med sikte på å hindre attgroing av den truga naturtypen kystlynghei, samt å aktivisere og bringe saman ulike grupper av lokalbefolkninga. Det er lange tradisjonar med villsau og brenning av beiteområder langs kysten, men områda vert no utsett for attgroing då dei fleste av bøndene har gått over til meir kommersielt sauehald der utmarka ikkje vert nytta. I prosjektet har Sognefjorden Kystpark inngått avtalar med grunneigarar som ikkje nytta seg av utmarka si og gjort tiltak for å legge til rette for villsaubeiting med NOFENCE-teknologi. Lokalbefolkninga, gjennom barnehagar og skular, institusjonar innan helse og omsorg samt andre som ynskjer å involvere seg får delta i all aktivitet knytt til villsauhaldet, som bygging av sauekve og grindbygg der sauene kan samlast, tilrettelegging for beite i utmark og innmark, sanking, merking og ruing av sauene og vedlikehald av NOFENCE-klavane. I tillegg er funksjonar knytt til sauehaldet lagt

nær andre sosiale møteplassar i landskapet slik som sansehagen og «drameplassen» som ligg tett på sauekvedet der sauene vert samla og fora, og ei dagsturhytte som ligg i området med utmarksbeite. Slik håpar Sognefjorden Kystarv at prosjektet kan bidra til å bringe lokalbefolkninga saman på tvers av alder, kulturell bakgrunn og livssituasjon og samstundes bidra til å bygge relasjonar mellom lokalbefolkninga og kystlandskapet.

For å organisere beiteverksemda er det skipa eit samvirke, Hardbakke villsaulag SA, der dei som ynskjer kan involvere seg. Målet er at samvirket i stor grad skal verte sjølvgåande økonomisk gjennom sal av andelar i føretaket og av villsauprodukt etter kvart som prosjektet vert avvikla og har gått over til ordinær drift. I følge NP er organisasjonsmodellen eit internasjonalt referanseprosjekt for «ivaretaking og utvikling av landskap». Prosjektet stimulerer relasjonsbygging mellom folk og landskap og held kulturlandskapet ved like gjennom vidareføringa av den immatrielle kulturarven knytt til villsaudrift (Sognefjorden Kystpark, 2020).



Figur 10. *Villsauen skal beite fram igjen kystlyngheia i Sognefjorden Kystpark og gjenskape kontakten mellom menneske og dyr (Foto: Trude Søylen, 2019)*

## Valdres natur- og kulturpark – skjerpar sansane

Valdres natur- og kulturpark har bygd opp si merkevare kring sterke sanseintrykk. Dette skal fremje heilskaplege opplevingar av regionen der ein skal både kunne sjå, høyre, lukte, føle og smake Valdres. Med slagordet «Valdres skjerper sansene» tek dei sikte på å fremje sin posisjon som «sanseriket» for særeigne sanseopplevingar (Valdres natur- og kulturpark, u.å.). Dette kjem mellom anna fram gjennom matmerkevara Valdreskvalitet der det vert stilt strenge krav til både kvaliteten i dei endelege produkta òg til at produkta skal vere produsert på grunnlag av lokale ressursar. Krava utgjør ein standard som kombinerer omsorg for miljø og tradisjonar, forventingar om produktkvalitet og å skape gode levekår for bøndene og produsentane. Mellom anna vert det stilt krav om at ein ikkje skal nytte sprøytemiddel i produksjonen og for produsentar av mjølk- eller kjøtprodukt er det krav om stølsdrift med mjølkeproduksjon i minimum 8 veker eller at kyrne går på utmarksbeite i tilsvarande periode. Slik bidreg merkevarebygginga til at ein held gamle

tradisjonar og utmarksressursar i hevd og sikrar at dei endelege produkta kan seiast å smake av Valdresregionen. Kvalitetsmerket er eit resultat av lokalt initiativ frå Valdresbønder, og over 100 matprodusentar profilerer seg med merket (Svardal et al., 2008).

## Nærøyfjorden Verdsarvpark – verdiskaping i møtet

Nærøyfjorden verdsarvpark knyter seg til UNESCO-området Vestnorsk Fjordlandskap i Nærøyfjorden som er eit svært populært reisemål både blant norske og utanlandske turistar. I det storslåtte landskapet med bratte fjell og djupe fjordar vert bonden og kulturlandskapet ofte statistar i turisten sitt opplevingslandskap. Ei utfordring for Verdsarvparken har derfor vore å bygge bru mellom lokale og besøkande for å bidra til bærekraftig stadutvikling. Den breie verdiskapinga har vore førande i dette og regionalparken var eit pilotprosjekt i både Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet og Naturarven som

verdiskapar (Haukeland & Brandtzæg, 2019).

I arbeidet med dette har målsetjinga om *vern gjennom bruk* vore sentral, og Verdsarvparken har jobba mykje med å støtte opp om og innitiere istandsetjing av ferdselsveggar og kulturminner, samt tilgjengeleggjing og formidling av informasjon og kunnskap knytt til stadeigne natur- og kultrverdier. Eit fokus låg i å utvikle «den gode bygdeverten» der ein jobba med bevisstgjerjing kring eigen kulturarv og «bygdevertskurs» der lokale produsentar og aktørar lærte om meir målretta formidling i møte med turistane (Nærøyfjorden Verdsarvpark, 2010). Tilbakemeldingane var at «bygdevertane» opplevde større grad av stoltheit kring sin eigen kultur og tradisjonar i møtet med turistane som på si side vart meir bevisst verdien av kulturarven og dermed ei auka betalingsvilje (Haukeland & Brandtzæg, 2009).





# DEL 3

## KUNNSKAPSGRUNNLAG: EKSEMPELSTUDIE

## 3.1 LANDSKAPSRESURS- ANALYSE (LRA)

*«Ein fekk inntrykk av at mest heile  
Aurlandsfolket måtte halda seg i fjellet.»  
(Bjørnestad, 1998)*

Utsagnet er henta frå boka «På historisk vandring» som er ei samling av avisartiklar frå Sogn samla av Magne Bjørnestad (1998). Inntrykket artikkelforfattaren fekk då han gjekk Aurlandsdalen ein gong på 70-talet var nok slett ikkje langt ifrå sanninga. Gjennom tidene har fjellet vore ei livsnerve for Aurlandsfolket. I dag er fjellet framleis viktig for bygdefolket, sjølv om landskapet i stor grad har bevegde seg frå å vere eit kvardagslandskap til eit landskap å nyte på fritida.


# Områdeavgrensning

Eksempelstudiet fokuserer på området kring den gamle ferdselsvegen på strekket mellom Vassbygdi og Bakkahelleren. Sidadalar som Langedalen og Stondalen og dei vidstrakte høgfjellsområda ikkinge vidare utforska, men det er viktig å presisere at dei inngår som ein del av det same landskapet.

Ferdselsvegen snor seg gjennom dalføret frå eit låglandslandskap med busetnad og jordbruk nede i det djupe dalføret, forbi gamle høgdegardar og stølslandskap til dei vide, opne viddene i høgfjellet.



Figur 11. Aurlandsdalen slik Johannes Flintoe såg den då han kom gåande over Bjønnstigen på 1800-talet (henta frå nasjonalmuseet.no)




Figur 12. Områdeavgrensning (Kartdata: NIBIO)

# Fjellgrunnen


«Dalen e så vill, men samtidig so e han så frodig»

(Sønnerheim, K., 2020)

Landskapet i Aurlandsdalen er på mange måtar slående. Dalsidene reiser seg bratt opp mot fjelltoppane, mange stader i vertikale stup. Kantete, nesten svarte berghamrar er ein kontrast til den frodige lauvskogen som veks der den får tak. Orsaka til både dei slående svarte berghamrane og den frodige vegetasjonen ligg i fjellgrunnen med mykje fyllittbergartar. Lokalt vert bergarten kalla «flisafjell» på grunn av måten den sprekk opp i tynne skiver. Bergarten har opphav i kampro-silurtida og avsetningsmassar frå havbotnen som då låg oppå grunnfjellet. Avsetningsmassane var rike på næring og gir grobotn for den frodige vegetasjonen (Thyri, 2008).



Figur 13. Bergarten fyllitt set preg på dalen med mørke kantete berghamrar, samstundes som den gir grobotn for ein frodig vegetasjon. (Foto: ut.no, u.å.)



Figur 14. Kartet viser utbreiinga av fyllittbergartar i Aurlandsdalen og fjella ikring. Området er ellers dominert av gneis og noko granittiske djupbergartar. (Kartdata: ngu og NIBIO)



# Landformer

Landskapet er forma av breane og elva. Landformene dei skapte set føresetnadane for kvar ein kan ferdast i landskapet. I høgfjellet kan ein vandre i det vide og breie, og flytte seg over store avstandar. Dalane er bindeledd mellom fjord og fjell der elva finn vegen frå breane og snøen i fjellet til fjorden og havet, og folk og dyr finn trasear dei kan tråkke stiar.

Det er stor kontrast frå dalrommet til høgfjellslandskapet. Nede i dalen reiser fjellsidene seg som bratte veggjar opp mot himmelen og fjelltoppane ruver over hovuda på ein. Rasvifter, steinur og hoggberg bryt med frodig grøn lauvskog. I fjellsidene er det mykje som rører på seg, og både steinras og snøras er aktive i å forme landskapet. Opp mot høgfjellet vert dalen grunnare og etter kvart vidar den seg ut til ein kjem opp i eit vidt høgfjellslandskap der bergknausar stikk opp frå landskapet og små fjellvatn ligg i dalsøkka. Landskapet er ope og eksponert for vind og vêr. På klare dagar kan ein sjå fjellheimen bre seg ut framom ein.



Figur 15. (Foto: Harald Skjerdal)



# Flora og fauna

Vegetasjonen i dalen endrar seg i takt med høgdemeterane oppover. Nedst er det lauvskogen som dominerer med mykje hassel, alm, selje og gråor som har hatt stor framgang i takt med nedgang av beitedyr. Oppover dalen er det etter kvart bjørka som tek over, før også den må gi etter for fjellklima og vert erstatta av vier og lyng. Høgst på fjellviddene er det lav og musøre som dominerer.

Gjennom heile dalen, heilt opp til høgfjellet veks det frodig gras og området er vidkjent som gode beiter for husdyr. Den frodige vegetasjonen har sitt opphav i flisafjellet (figur 14.).



Figur 16. *Frodig gras i høgfjellet. Den mest høgtliggande vegetasjonen er dominert av lav og musøre.*



Figur 17. *Blomstrande hegg nedst i dalen gir ein søt ange i lufta.*



Figur 18. *Bergfrua er Norges nasjonalblom og trivst godt i dei bratte berga i Aurlandsdalen (Foto: Venner av Aurlandsdalen)*



Figur 19. *Også vegetasjonen er kulturpåverka. Mange års slått og beite gir eit stort artsmangfald med lyskjære urter, gras og blomar. Tyrihjelms trivs spesielt godt på næringsrik grunn der det har vore gjødsla gjennom mange år. Her veks den fram på den gamle åkeren og utan aktiv slått tek den snart over.*



Figur 20. Villrein i Stemmerdalen før saneringa. I bakgrunnen ser ein Steinbergdalshytta. (Foto: Harald Skjerdal)

Fjellet har alltid vore ein viktig ressurs så lenge det har budd folk i området. Flora og fauna var grunnlag for livet i fjellet heilt tilbake til då dei første menneska slo seg ned. Særleg villreinen har vore ei viktig matkjelde for fjellfolket. Det seiast at villreinen var blant dei første pattedyra som kom til fjella etter at isen trekte seg tilbake. Der veks det rikeleg med reinlav og frodig gras på. Dei første menneska som busette seg i område følgde truleg reinen. I fjella kan ein finne store jakt- og fangstannlegg som vart nytta i villreinjakt. Jakta har til tider vore svært omfattande. Ved innleiinga av 1900-talet var villreinstamma nær utrydda i området. Dette hadde truleg samanheng med det høge folketalet i Aurland kommune kring 1850 og utover. Det vart jakta både til eige husbruk og som ei attåttnæring for mange av gardsbruka (Ohnstad, 1988)



Figur 21. Fjellrype er eit vanleg syn på snauffjellet (Foto: Harald Skjerdal)

Etter kvart har villreinstamma vorte meir aktivt skjøtta i regi av staten. Stamma vart igjen levedyktig og jakt er framleis viktig for lokalsamfunna på begge sider av fjellet. I 2016 vart villreinstamma råka av skrantesjuka (CWD eller Chronic Wasting Disease), ein svert smittsom sjukdom som aldri før hadde vore dokumentert i Europa (Hjortevilt, u.å.). Dette førte til at villreinstamma i sone 1 av Nordfjella måtte sanerast, og området er no for første gang heilt utan rein. Etter planen skal stamma byggast opp igjen om nokre år.

*«det er så einsamt, så tomt! Ein del av turen pleide å vere å ta med seg kikkerten og sjå etter dyr. No er det ikkje noko å sjå etter...»*  
(Kvallestad., 2020)



Figur 22. Når SJH er på stølen på Sinjarheim om sommaren møter denne gjengen vandrarene som kjem forbi garden. Sjølv om antal beitedyr er betydeleg lågare enn det ein gong var kan ein framleis treffe dyr i fjellet om sommaren. (Foto: Venner av Aurlandsdalen)



Figur 23. I fjellvatna er det sett ut fjellaure og mange av vatna er i dag gode fiskevatn til glede for lokale og besøkande. Kvart år vert det arrangert fiskedagar med 1. og 2. klasse på Aurland barne og ungdomsskule der elevane får vere med å sette og trekke garn, sløye fiskane og smake fisk steikt på steinhelle over bålet. (Foto: Knut Fredrik Øi)

# Vatnet

Vatn pregar Aurlandsdalen frå fjord til fjell. Nokre stader kjem ein tett på elva og ein kan kjenne den friske elvebrisen. Andre stader er elva skjult bak tett skog eller nede i djupe elvegjel. Likevel kan ein stort sett høyre elvesuset kor ein går. Aurlandselva har sitt utspring i høgfjellet under Vargabreen, og grev seg djupare og djupare ned i dalføret før den renn ut i fjorden ved Aurlandsvangen. På veg til fjorden veks den av vatnet frå utallige bekkar og sideelver, fleire i form av brusande fossar som kastar seg utfor dei bratte stupa. Der grunnen er laus grev elvane med seg sand og grus som den fraktar nedover dalen. Oppe i fjellet sildirar mange små og store fjellbekkar som i periodar med mykje smelting frå brear og snøfonner veks til store elvar. Her og der flyt dei ut i klåre fjellvatn der ein kan fiske etter aure.



Figur 24.  
*Tverrelvi i  
Stemmerdalen. I  
dalbotnen ser ein  
Stemmerdøla der ho er  
oppdemd til eit vatn.*

Figur 25.  
*I Aurlandsdalen  
kjem ein tett på  
elementa. Går ein opp  
Aurlandsdalen under  
vårløysa må ein rekne  
med ein frisk dusj med  
smeltevatn frå fjellet.*



# Kulturspora

*«da va slik med gardane i heile Aurland – da ekje noke ti gardane viss ikkje di får bruka fjedle, for da e styste delen av kommunen som e fjedle.»*

*(Hernes, 2020)*

I det bratte dalføret med ras og flaum og ufarbare vinterveggar kan det vere vanskeleg å førestille seg at folk ville busette seg på ein slik stad. Like fullt er Aurlandsdalen eit kulturlandskap som er forma av menneske gjennom fleire århundre. Kulturpåverknaden har vore med å forme floraen i slått- og beitemarker heilt opp i høgfjellet, og ein finn mangfaldige kulturminner gjennom dalen. Det var fast busetnad i dalen heilt opp til Aurdalen (820 m.o.h.). Dei siste fastbuande i dalen var på Sinjarheim, som vart fråflytta i 1922. Etter dette vart det drive stølsdrift i dalen heilt fram til nyare tid (Clemetsen, 1988).

Høgdegardane og stølane ligg der ein kunne finne slake stader i terrenget, hadde tilgang på vatn og le for ras og uvêr. Bøane kring dei gamle gardane og stølane kan i dag sjåast som opne «øyar» i det stadig meir skogkledde landskapet eller som lysande grøne flekkar i høgfjellet. Dette er eit resultat av generasjonar med dyrking, slått og beite. Det vart drive ein ekstensiv og allsidig utnytting naturressursane i landskapet. Då det var lite innmark på gardane slo ein også der ein kunne i utmark, og hausta lauv frå trea



Figur 26. *Almastova gøymmer seg under ein hedler, trygt i le for dei store kampesteinane som har rasa rundt ho.*

til dyrefor. Spor etter utmarksbruken ser ein gjennom heile dalen, som til dømes gamle styvingstre, rennestrengar, utløer og ikkje minst ferdelsvegane som gav tilgang til ressursane rundtom i landskapet (Clemetsen, 1996).


## Jordbrukslandskapet på fjellgardane

Høgdearden Sinjarheim er i dag kring ein times gåtur frå Vassbygdi der den ligg lageleg til på ein haug med utsikt både framover og



Figur 27. *Mykje arbeid er lagt i ferdelsvegane for at ein skulle kunne ta seg fram med kløvhest.*


heimover Aurlandsdalen. Garden var tidleg ein buplass for veidefolk i forhistorisk tid, og var bebudd heilt fram til 1922, med unntak av perioden etter svartedauden (Thyri, 2008). Jordbrukslandskapet på garden gir eit godt bilete på korleis ein utnytta ressursane på høgdegardane. Her var åkrar kring gardstunet der det vart dyrka korn (mest bygg, men også havre og rug), slåttemarkar på inn- og utmark samt områder med styvingstre (Clemetsen, 1988).



Figur 28. Snitt over dalen og garden Sinjarheim (fritt etter Clemetsen, 1988, figur 5, s. 7)

Fleire stolar høyrer til garden; vårstølen på Sinjarheimshaugadn, mellomstøl på Orrasete og fjellstølen Veiverdalen (930 m.o.h.). Frå 1853 kjøpte Sinjarheim garden Teigen på andre sida av dalen, og tok då i bruk stølane Frivoll og Hovdungo.

Sjølve gardstunet er eit klyngetun med fleire bygningar som står tett saman for å spare den dyrebare jorda til åker og slått, samt å gi le for vind og vær. Bygningane er bygd i tømmer som var henta frå almenningen i Nordheimsdalen, ut Aurlandsfjorden, og frakta til Sinjarheim over fjellet på skareføret om vinteren (Clemetsen, 1988). Etter at garden vart fråflytta i 1922 vart den teken i bruk som støl fram til 1964. Det vart slått på innmarka på Sinjarheim heilt til stølsdrifta tok slutt. Høyet vart rent på rennestreng i tre strekker ned til Vassbygdi (Sønnerheim, K., 2020).



Figur 29. Jordbrukslandskapet på Sinjarheim (fritt etter Clemetsen, 1988, figur 13, s. 18, grunnkart frå nibio)



Figur 32. Gardstunet på Sinjarheim er eit høgdepunkt for mange på turen gjennom dalen.

Figur 30. Øverst til venstre: Styvingsalm heimom Sinjarheim

Figur 31. Nederst til venstre: Rennestrengar var eit viktig hjelpemiddel for å frakte høy, lauv og ved i det brattlendte terrenget. Etter at gardsdrifta på Sinjarheim vart nedlagt vart det framleis slått på innmarka kring tunet. Høyet vart pressa på ei høyballepresse og sendt med rennestreng heim til Vassbygdi

«Å sitte der (på Sinjarheim) i kveldssola, då har du ikkje lyst heim!»  
(Sønnerheim, K., 2020)


# Beitelandskapet i dag

«Da vekse altfor mykje no då da e slutt med geitn. Skogen kjeme og vekse øvealt. Da bli sånn gras so dei ikkje vi ha meir, so mykje styggeheite. [...] Dei ete ikkje ao selbøen eingang.»

(Øyum, O., 2020)

Sjølv om området framleis er viktig som utmarksbeite både for bønder i Hallingdal og frå Aurland er beitebruken i dag kraftig redusert i høve til slik det var før. I dag er det mest sau i fjellet, men også ein litt kyr i Stemmerdalen, og geit på Sinjarheim under stølsopphaldet til SJH. Likevel er det for lite beitepress i store delar av området til å stogge attgroing av landskapet, spesielt i nedre del av dalen frå Aurdalen til Vassbygdi.

Nedgangen i beitebruk fører til at det som før var eit ope landskap prega av både slått, beite, hogst og styving gror til og forsvinn i busker og kratt. Uten bruk forsvinn og mykje av kulturspora i landskapet. Dalen endrar med dette karakter og ein del av opplevingsverdien i landskapet vil verte tapt.



Figur 33. Utbreiing av skog og områder i fare for attgroing. (Kartlag: NIBIO)



Figur 34. Kyr på beite i Stemmerdalen (Foto: Prytz, 2019)



Figur 35. Mykje kratt og villniss veks fram etter nedgang i beitebruk.



## Kraftutbygging og bilveg



Figur 36. Kraftlinjene og bilvegen går gjennom høgfjellslandskapet, men mykje takka vere naturvernkampen er store delar av Aurlandsdalen fri for synlege inngrep frå kraftutbygginga. Størsteparten av kraftutbygginga er skjult under bakken.

Kraftutbygginga i Aurlandsfjella er i følge e-co energi eit «gigantanlegg i verdsmålestokk» og består av eit nettverk av dammar og kraftstasjonar (Hafslund E-CO, u.å.). Trass den enorme utbygginga er det relativt lite ein kan sjå av inngrepa i landskapet. Det meste av kraftanlegget er under bakken og i store deler av dalen kan ein ikkje sjå noko til kraftutbygginga i det heile.

Kraftutbygginga kom i 70-åra, og skulle då verte den første store naturvernkampen som engasjerte på nasjonalt nivå i Norge. Lokalt var det derimot stor oppslutning kring utbygginga då det gav utsikter til arbeidsplassar og heilårsveg til bygdene i Aurland. Begge sider av striden fekk stor innverknad på det endelege resultatet. Det vart utbygging og heilårsveg, men mykje takka vere naturvernarane vart dei største inngrepa lagt under bakken og heilt ute av syne frå den nedre delen av Aurlandsdalen. Det vart også krav om minstevassføring i Aurlandselva slik at ein framleis kunne sjå og høyre ho fosse ned igjennom dalen, og ein minska dei negative verknadane på artar som lever i og langs elveløpet (Thyri, 2008).

# Tilrettelegging

Aurlandsdalen er i dag ei av landet sine mest kjende vandruter og er svært populær både blant norske og utanlandske turistar. Ruta fekk status som historisk vandrute på strekket mellom Østerbø og Vassbygdi i 2018, og sommaren 2019 vart det registrert heile 20.000 vandrarak på dette strekket (Bjarnadóttir, 2020). Det er 4 turisthytter langs ferdsevegen: Geiterygghytta, Steinbergdalshytta, Aurlandsdalen Turisthytte og Østerbø Fjellstove. Det vart gjort ein del tiltak for å legge til rette for turistferdselen slik som til dømes tilrettelegginga over myra ved Vetlahelvete.



Figur 37. *Informasjonstavle ved Sinjarheim.*

Ellers vert det sett opp vaiera nokre stader der mange kan føle seg litt utsett og ein del tiltak for å veite vatn. Her vert det dels nytta gamle teknikkar som etterligner slik det er gjort før her i Aurlandsdalen (Sønnerheim S., 2020)

Mellom Vassbygdi og Østerbø der det er historisk vandrute vert det og sett opp ein del informasjonsskilt. Venner av Aurlandsdalen har til dømes planar om å sette opp eit skilt ved ei jettegryte ved Nesbø. Dei håper at ved å informere på ein stad vil turistane vil legge merke til jettegrytene gjennom heile dalen (Sønnerheim S., 2020).



Figur 38. *Skiltet viser avstand til Øvstebo.*



Figur 39. *Steinlegging langs vegen (Foto: Venner av Aurlandsdalen)*


# Opplevingslandskapet

«Når dyrene e vekke så e jo naturen der men du fåkje den tilhørigheten til det levende liv»


(Sønnerheim, K., 2020)

Naturformene, kulturhistoria i landskapet og møtet med eit levande beitelandskap er alle faktorar som spelar inn for opplevingsverdien i landskapet. Til saman utgjer det ein heilskap som gjer dalen unik.

Det er ei utfordring i dalen at mykje av kulturarven går tapt grunna mangel på bruk slik ein til dømes ser med beitelandskapet som gror til. Lågt beitetrykk fører også med ein del ekstra arbeid med å halde landskapet oppe og tilgjengeleg, ettersom ein må gå etter vegen å rydde manuelt, der det før var dyr som gjorde ryddejobben.



Figur 42. *Jettegryta i Vetlahelvete er ei av mange slike geologiske formasjoner gjennom dalen, skjønt ikkje alle er like store som denne.*



Figur 40. *Samspelet mellom natur- og kulturarven er det som gjer opplevinga unik (Foto: Venner av Aurlandsdalen)*



Figur 41. *Beitedyra er med på å gjere opplevinga levande (Foto Prytz, 2019)*

# Landskapskarakter og områdeskildring

«Landskapskarakter er eit konsentrert uttrykk for samspelet mellom eit område sitt naturgrunnlag, arealbruk, historiske og kulturelle innhald, samt romlege og andre sansbare tilhøve som særpregar området og skil det frå kringliggande landskap.»

*(Aurland Naturverkstad & Riksantikvaren, 2010 s. 10)*

Fastsettinga av eit område sin landskapskarakter bygger på ei heilskapleg tolking av korleis området vert forstått og oppfatta (Aurland Naturverkstad & Riksantikvaren, 2010). I analysen er studeieområdet delt inn i 5 delområder knytt til sekvensar av ferdselsvegen når ein beveger seg frå Vassbygdi, nedst i dalen til høgfjellet.

Fastsettinga av landskapskarakter baserer seg på eigne inntrykk frå synfaring i felt, informasjon innsamla gjennom stadkjensleundersøkinga samt informasjon innhenta frå litteratur-, dokument- og kartstudie og tek utgangspunkt i følgjande analysetema:

## 1. Innhaldet i landskapet

- Landformer og vatn
- Vegetasjon
- Kulturhistoria i landskapet
- Kulturelle referansar
- Romleg-estetiske tilhøve

## 2. Endrings- og vedlikehaldsprosessar


- Aktive naturprosessar
- Kulturbetinga endringsprosessar

## 3. Samanhengar, overgangar og brot

- Geografiske samanhengar
- Funksjonelle samanhengar
- Historisk lesbarheit

## 4. Nøkkelement

- Naturskapt nøkkelement
- Menneskeskapt nøkkelement



Figur 43. Kart over områdeinndeling

## LANDSKAPSKARAKTER

### DELOMRÅDE 1:

Djupt dalføre med bratte fjellsider, prega av rasvifter, steinur og hoggberg. Innmark i dalbotnen heimst i dalen, mykje blandingsskog framover. Murar, løer og sel vitjar om lang tids bruk. Beiteaktivitet opnar opp somme stader, men mykje attgroing. Elva går somme stader i juv men kan heile tida høyrast, fossane og gardstunet på Sinjarheim er nøkkelement.

### DELOMRÅDE 2:

Markert, djup v-dal med bratte fjellsider. Bergarten fyllitt gir dalrommet særpreg i form av fjellformasjonar og berghamrar som ruver over ferdselsvegen. Frodig vegetasjon som står i kontrast til dei mørke berga. Området er prega av attgroing, Beiteaktivitet pregar deler av landskapet på sørsida av elva. Ferdselsvegen og andre stølsvegar vitjar om lang tids bruk. Somme stader er vegen oppmurt for å kunne ta seg fram langs elvebredden, særleg Storemuren gir inntrykk i landskapet.

### DELOMRÅDE 4:

Relativt grunnt dalføre, trauforna med vid dalbotn som smalnar inn der fjellryggar dannar tersklar i landskapet. Mykje vatn som sildrar i fjellsidene. Overgang til frodig høgfjellsvegetasjon. Beitelandskap med sau og kyr. Gamle stolar, murasel og murar etter sel samt stølsvegar og stadnamn vitjar om historisk bruk. Dei oppdemte vatna og elvane som renn i dalsidene pregar området. Kraftlinjene skjærer gjennom landskapet. FV50 synleg i dalbotnen.

### DELOMRÅDE 3:


Dalføre opnar opp i ei trauforn med vid dalbotn som snører seg saman fremst i delområdet. Ryggar dannar tersklar i terrenget som demmer opp elva til vatn. Gamle gardar ved bredda der noko av det gamle bygningsmiljøet bevart. Hyttefelt og grusvegar pregar delar av området. Frodige beiteområder, ein del fjellbjørkeskog og vier veks fram. I dalsidene ser ein rasrenner og spor etter elvane som grev. Nesbøgalden er eit nøkkelement langs ferdselsvegen. Ein del moderne hytteutbygging.

### DELOMRÅDE 5:

Vidt høgfjellslandskap, som somme stader opnar seg med utsikt i alle retningar og Hallingskarvet i det fjerne, andre stader er innelukka i små dalsøkk. Mykje stein blant høgfjellsvegetasjon med lyng, lav og mose, ein del gras. Vatn pregar området med elvar, bekkefar og små fiskevatn. Ferdselsvegar og stadnamn vitjar om historisk bruk. Reingjerdet deler området i to. Kring Geiterygghytta er området prega av kraftlinjer og annleggsveg.

# Opplevinga frå ferdselsvegen

## DELOMRÅDE 1: VASSBYGDI - SINJARHEIM




Ferdselsvegen tek oss med gjennom eit landskap i overgangen frå lågland til høgfjell. Me startar nede i Vassbygdi der dalbotnen er vid og flat, med åkerlandskap og klynger av busetnad. Dalsidene reiser seg bratt opp på begge sider og fjelltoppane ruver høgt der oppe. Veggen går langs elva som renn roleg i den flate dalbotnen. Langs den, og kring kantane på innmarka er det gamle murar i stein. Her og der passerer ein utlør, små stølshus og murar etter bygg som ikkje står der lengre. Sauer breker frå beitet.

Den frodige sidedalen Stondalen opnar seg mot sør på andre sida av elva. Ferdselsvegen fører austover og dalen smalnar inn i ei bratt V-form. Gamle og nye rasvifter skjerer seg gjennom skogkledde dalsider, mørke hoggberg glitrar i sola. Ferdselsvegen som først var brei som ein traktorveg vert også smalare, brattare, meir kuppert, krysser groer og små elvar. Raudmalte T-ar på steinar og trestokkar syner trygg veg. Lauvskog med hassel, alm, lind, ask gråor og bjørk veks tett ikring oss. Nokre stader opnar den seg og utsikten framover eller nedover dalen openbarar seg. Fossar kastar seg nedover bratte stup. Me passerer den vesle

Almastova som gøymer seg under ein stor stein. På det som tidlegare var innmark kring stova ligg store steinar som fjellsidene har kasta frå seg strødd. Ferdselsvegen skjerer oppover i fjellsida, vekk frå elva som renn der nede og forsvinn bak lauvskog, men ein kan framleis høyre henne, for ho har teke til å bruse der ho grev seg fram i terrenget. Dalsida blir så bratt at vegen er sprengt inn i bergveggen. Sinjarheimsgalden kan ta pusten frå den som strever med høgdeskrekk. Nokre veker kvar sommar vert ein møtt av den søte eimen frå ystekjelen på den gamle garden, og ein kan sjå geiter beite høgt oppe i dei bratte fjellsidene. På Sinjarheim opnar utsikta seg i alle retningar, og lyset fell mjukt over åssidene.



## DELOMRÅDE 2: SINJARHEIM - HOLMEN



Etter Sinjarheim byrjar ein for alvor å vende seg mot fjellet. Dalsidene er framleis bratte, men her er ein høgare i terrenget og det er ikkje fullt så langt opp til himmelkvelven lengre. Bjørka blir snart det dominerande treslaget, og på bakken veks det lyng, men også frodig gras og mykje tyrihjem. Her er det ingen beitedyr før ein kjem høgare til fjells.

Gamle ferdselsvegar går på kryss og tvers, opp bratte dalsider til stølar og fjellet. Framover dalen går vegen somme stader oppå høge flotte murar som held deg trygt unna elva under. «Storemuren» står det på eit skilt på bergveggen, eit passende namn. Over ei blaut myr er det lagt ut stokkar til å gå på bort til jettegryta Vetlahelvete, mørk og høgrest som eit rom i ein naturleg steinkatedral. Ekkoet går kast i kast mellom veggane når ein ropar. Framover dalen kjem eit vegskil: opp den bratte Bjonnstigen eller halde seg til dalbotnen der ein kan smake det friske Berekvamsbrennevinet. Stadig er det spor etter liv levd. Murasela står mest til nedfalls, men somme står der framleis. Stadnamna snakkar til deg frå gamle skilt langs




vegen, «Karibotn», «Grunnlause», «Likbjørki», «Grimevoll». På Heimrebø får ein eit glimt av samtida der riksvegen kiker fram mellom to tunnellar. Ein flokk med sauer helser deg med nysgjerrige blikk.

Figur 44.

(Foto: Venner av Aurlandsdalen)



## DELOMRÅDE 3: HOLMEN - AURDALEN




No er ein for alvor komen opp på fjellet. Dalbotnen byrjar å flate ut i frodige elvesletter og klare vatn. Bjørkeskogen veks lågare og glisnare, men det er lett å sjå at den trivs her. Garden Nesbø ligg idyllisk til ved Nesbøvatnet og bakom er den bratte Nesbøgalden. Over den opnar Aurdalen seg som ein vid U-dal. På sørsida i elva ser me igjen riksvegen og ein del moderne hyttebygg. Ferdselsvegen går vidare langs nordsida av Aurdalsvatnet, forbi garden Viki og til Øvstebo der Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen turisthytte ligg side om side. Her blir veggen til grusveg, brei nok til at bussar kan køyre på den. Langs vatnet og elva er det frodige sletter med friskt gras, og vier sprett opp innimellom. Veggen går vidare forbi eit hyttefelt, før ein igjen finn at den gamle ferdselsvegen som held fram opp dalen mot høgfjellet.

Figur 45. (Foto: Dalseg, henta frå ut.no)



## DELOMRÅDE 4: AURDALEN - STEMMERDALEN




Ferdselsvegen fører vidare inn i høgfjellet. Framleis følger den dalen, som ikkje lengre er så djup. Ved Grønestølen svingar stien oppom ein sidedal og følger kanten av nokre bergknausar som frå dalbotnen ser ut til å vere fjelltoppar. Dette stemmer sjølvstakt ikkje, for bak dei stig toppane høgare mot himmelen. Sola speglar seg i eit oppdemd vatn, som minner oss på at dette faktisk er eit produksjonslandskap som forsyner store deler av Oslo kommune med straum. Kraftlinjer og demningar er synlege teikn på dette i landskapet, men det aller meste av kraftindustrien ligg gøymt inne i fjella.

Stien held seg høgt i fjellsida der lyngen gir landskapet eit raudleg skjær og, små myrar med mjuke myrroldottar ligg imellom bergknausar som stikk fram i dagen. Under spretter det fram vier og litt glissen bjørkeskog i dalsida ned mot botnen der riksvegen går langs vatn og grassletter. Stemmerdalen opnar seg og ferdselsvegen tek turen innom tunet til turisthytta. Her i dalen ser ein eit samansurium av gammalt og nytt. Små steinsel gøymer seg under torvtak, Riksvegen kveiler seg som ei elv gjennom landskapet og kraftmastene reiser

seg som stolte kjemper på rad og rekke. På dei frodige beitene går det kyr og sauer som kiker nysgjerrig på dei som vandrar forbi, overalt renn det små bekkar og elver med kvite skumtoppar. T-merka fører ein vidare opp i Drifteskar. Når ein snur seg tilbake her openbarar heile dalen seg framfor ein.



## DELOMRÅDE 5: STEMMERDALEN - BAKKAHELLEREN



Ferdselsvegen fører ut av dalføret, opp i eit vidt høgfjellslandskap. Her er det mange vegar å velje i, fjella kan føre ein langt av stad. Fjelltoppar og grå berg stikk opp i landskapet og små fjellvatn glitrar i mellom dei. Om ein er heldig kan ein fange fin fjellaure her. Mjuk reinlav og musøre dekker bakken. Vegen kjem til eit høgt gjerde som deler landskapet i to. Ei vond påminning om at det for tida ikkje er ein einaste villrein i fjellområda bak oss. Om nokre år skal gjerde ned, og då kan ein igjen kjenne på spenninga med å møte på ein flokk av dei stolte dyra i fjellheimen.

Vegen går vidare i eit steinlandskap som likevel er frodig. Små vatn, lysegrønt fjellgras, raud lyng og kvit reinlav fargar landskapet i mosaikk. Ein annleggsveg og kraftlinjer fører inn til Geiteryggen turisthytte, og eit frodig dalføre fører opp til Bakkahelleren der driftekarane og tusenvis av dyr fekk kvile på ferda austover etter sommaren på beite i Stemmerdalen og fjella ikring.

Figur 46. (Foto: Harald Skjerdal)



# Kulturarven i Aurlandsdalen

## KVA ER KULTURARV?

«Det er språk, forteljingane, blod svette og tårer som har vore, som ligger bak den steinen der. Samt det fysiske du ser. Den fortel oss om røttene, forankrer oss litt i bakken. I dette raske samfunnet trur eg det er viktig å vite koffor vi har gjort det sånn før. Kva kan vi ta med oss vidare.»

(Bjarnadóttir, 2020)

«Kulturarven e da vi ha fått med oss. Om 100 år er dette arven vår. Kulturarven blir jo berre meir og meir påbygd. Vi må jo ikkje gå bakover, men da ha alltid vore noke ein kan ta med seg»

(Hov, 2020)

«Det er historia vår, det er identiteten vår. Det er noko vi alle er eigarar av, men du kan ikkje ha det på papir. Det er alle sitt og alle sitt ansvar å ta det med vidare. [...] det er veldig viktig å kjenne noko av historia di for da har du nåke å stå på og noke å bygge deg framover på. Har du ikkje dei søylene kan du gjere veldig mykje feil...»

(Kvallestad, 2020)

«Hvis ingen formidler det betyr det ikke så mye for dem (turistane), men det blir jo en ekstra dimensjon til turen hvis de kan få sånne historier fortalt her (Steinbergdalshytta) for eksempel.»

(Kvakestad, 2020)

Kulturarven i landskapet knytter seg til tidlegare bruk og tradisjonar i dalen. Det er historia om dei som har levd før oss, kunnaskapane som er ført vidare gjennom generasjonar og den fysiske arven i landskapet og arbeidet og omtanken som ligg bak.

Kulturarven veks ettersom vi bygger på den og fører den vidare. Ikkje alt kan takast vare på, og ikkje alt trengs å førast vidare, men det vil alltid vere noko som er verd å ta med seg. I Aurlandsdalen er den rike kulturhistoria som er knytt til landskapet ein viktig ressurs for opplevinga og forståelsen av dalen. Historiane om tidlegare bruk kan sette landskapet i eit anna lys, det ein ser og opplever i møtet får større meining. Formidling kring kulturhistoria er eit viktig ledd i bevisstgjerjing om kulturarven sin verdi, og vil vere viktig for kulturell verdiskaping i Aurlandsdalen.



Kulturhistoria i Aurlandsdalen er svært spesiell og allsidig. Den strekker seg heilt tilbake til steinalderen då dei første menneska kom til området, fram til i dag. Den omfattar forteljingar om jakt og hausting frå matfatet i fjellet, busetnad frå fjord til fjell, beitedyr, jordbruk og ikkje minst ferdsel. Ulik bruk har satt spor i landskapet, nokre i form av murar og bygde strukturar. Andre er meir subtile, og kan sjåast i form av vegetasjonsmønster og spesielle former for vekster. Andre igjen kan ein kunn finne igjen i gamle stadnamn eller forteljingar som vitjar om svunne tider.

Figur 47.  
*Nesbøgalden før den vart  
utsprengt på slutten av  
30-talet*  
(Foto: Wilse, 1914. Henta frå  
GalleriNOR)



## HISTORISK BRUK OG UTVIKLING I AURLANDSDALEN



Villreinen nær utrydda før starten av 1900

utsetting av fisk i fjellvatna på tidlig 1900-talet



2017  
Sanering av villreinstamma

1923  
Siste fastbuande på Sinjarheim



1937  
Utsprenging av Nesbøgalden



1993  
SJH startar stølsdrift på Sinjarheim

1987  
Förtidsminneforeninga startar restaurering av Sinjarheim

Venner av Aurlandsdalen vert skipa

2018  
Aurlandsdalen vert historisk vandrerute

1900

2000

1909  
Bergensbana opnar

1894 Østerbø turisthytte      1914 Geiteryggghytta      1938 Østerbø Fjellstove

1895 Steinbergdalshytta

1970-talet  
Kraftutbygging i Aurlandvassdraget

1974  
Bilveg over fjellet

2019  
Gjenopning av Steinbergdalen Turisthytte

# Rikdommen i fjellet

«Fjedli i Aurland har vore Aurland sitt gull.»  
(Kvellestad, 2020)

Det er uvisst når dei første faste busetnadane kom i Aurlandsdalen, men ein veit at det var fast busetnad allereie i mellomalderen og arkeologiske spor tyder på at det har vore folk i fjellet så langt som 7000 år tilbake i tid (Thyri, 2008). Truleg dreiv dei første som busette seg der ein form for kombinasjonsbruk med beitedyr og veiding i fjella. Med unntak av ein periode etter svartedauden budde det folk på høgdegardane i heile Aurlandsdalen, frå



Figur 48. Fjellfolket i Aurlandsdalen fekk etter kvart eigen gravplass i Aurdalen. På steinen står det 27 namn på folk som er gravlagd her. (Foto: Andersen, henta frå peakbook.org)

Almen (400 m.o.h) til Aurdalen (820 m.o.h.). Folketalet nådde ein topp kring 1840-åra, då kunne ein telje opp imot 80 fastbuande fordelt på 10 gardsbruk opp gjennom dalen. (Ohnstad, 1988). Den rike utmarka heldt liv i fjellgardane, men var like viktig for gardane nede i dalen. Ein gard utan støl var lite verd (Thyri, 2008).

## Driftehandel

Den knappe tilgangen på vinterfôr sat grensa for kor mange dyr ein kunne halde gjennom vinteren. Utmarksbeite som ein nytta om sommaren derimot var nærast ubegrensa. Driftekarane nytta seg av dette ved å handle inn dyr frå kyststrøka der dei hadde større moglegheiter for å føre dyra gjennom vinteren. Saman med buskapen til dei fastbuande kunne det dermed verte fleire 1000 dyr på beitet i fjellet om somrane (Thyri, 2008).

Nokre klarte å tene seg rike på dette livet, men for mange var det nok til å klare seg til neste fehandel på våren igjen. Driftekarane frå Aurland handla stort sett i fe og hestar som dei kjøpte i bygdene langs heile Sognefjorden,



Figur 49. Driftekarane Martinus Dalsbotn på veg over fjellet med hestar (Foto: Aurland Lokalhistoriske arkiv)

Nordfjord, Sunnfjord og Mørekyten, men også i Telemark og Gudbrandsdalen. Buskapen vart kjøpt opp på seinvinteren og tidleg på våren, frakta med båt til Aurland og jaga opp på fjellbeitet. Heile sommaren, frå kring jonsok til slutten av august heldt både dyr og driftekarane seg i fjellet, før dei dreiv dyra austover, helst til Kongsberg eller Drammen der buskapen vart seld. Berre i Stemmerdalen kunne det gå opp imot 1000 storfe og hestar, og ein del sauer og geiter attpåtil. Dei fleste driftekarane budde i murasel og steinbuer, men somme måtte ta til



Figur 50. Frivoll i Vassbygdi var ei frihamn for driftekarane på veg opp Aurlandsdalen. Her kunne dei late dyra beite i tre dagar før dei tok fatt på ferda vidare. Andre frihamner i Aurlandsdalen var truleg på Grimevodl og på garden Viki der det sto murar som truleg har vore nytta til å samle dyra.

takke med telt eller ein heller. Dei som hadde mjølkekyr kinna smør og ysta ost i fjellet som dei dels kløvja heim til garden og dels nytta som kost i fjellet. Det var hardt arbeid, spesielt om vêret var dårleg, men mange trivdes også godt med livet i fjellet (Ohnstad, 1962).


Frå Aurland hadde driftene ulike ruter til fjells. Somme førde dyra i land i Tyhagen og opp på fjellet forbi Bjørgo, opp Kvammadal og vidare inn til Stemmerdalen. Då vart kyr og hestar jaga over bord frå båten og måtte symje i land. For dei som dreiv opp Aurlandsdalen var det losseplass på Salthella

der dyra vart drive på land. Nokre reiste opp Låvisdalen og til Hednedalen, andre til Vassbygdi og Midjedalen, Langedalen og ned til Øvstebø så vidare til Stemmerdalen. Langs drifterutene var det faste hamnehagar der driftekarane kunne lete buskapen beite i tre døgn i strekk. Det hende det vart strid med bøndene om retten til å beite på desse stadene, men driftekarane fekk medhald i rettsak om at beiterettane hadde vore der so langt tilbake ein kunne hugse, og kunne ikkje takast ifrå dei utan vidare (Ohnstad, 1962).

*Lang vei vi har å traske der vi marsjerer frem  
De treogtretti mil før vi når Drammen hen.  
Da må du tru at punsjen i strupen ei står fast  
Og handle må vi gjøre om ikke det går kvast.*

Vers av driftekar Knut Bjelde (henta frå Ohnstad, 1962 s. 325)

Figur 51. under:  
Forenkla illustrasjon av aktiviteten til driftekarane gjennom året. Driftekarane tok i bruk ressursane på tvers av landet med å kjøpe dyr som vart fora gjennom vinteren på kysten, sommarbeite i fjellet og marknaden på austlandet.



## Stadnamn i Aurlandsdalen

«Stadnamna fortel mangt og mykje,  
og eg ber dei ofte - fortel meir!»

(Vinjum, 2004 s. 14)

Stadnamna fortel om naturlandskap, kultur, lokalitetar, tidspunkt, historiske hendingar eller personar, bruk, driftsform, vegetasjon og dyreliv. I Aurlandsdalen er det tett mellom stader som har fått sitt særskilte namn. Namna er gitt av ulike årsaker. Nokre fortel om tidspunkt på

dagen eller når det var tid for å sleppe dyra på beite. Andre stadnamn fortel om flora og fauna, kvar ein kan finne særskilde vekster eller kva dyr som er vanleg å sjå der. Andre namn knyter seg til visse driftsformer, hendingar eller særskilde personar (Vinjum, 2004).



Figur 52. Stadnamnet Drifteskar i Stemmerdalen knyter seg til drifteferdene over fjellet. Oksabotn i Stemmerdalen, Hestehagen over Salthella i Aurland og Frivoll i Vassbydi er andre stadnamn som truleg kan knytast til driftehistoria. Frivoll var ei frihamn der driftene kunne kvile og lete dyra beite i tre dagar.



Figur 53. Konnsshedleren heimom Raudskreda var ein lagringsplass for korn. Heldlera vart ofte nytta til lagring av korn eller høyr som vart hausta langt frå gardstunet.

## Ferdsel og ferdselsveggar

Ferdselsvegane kan fortelje mykje om historia i landskapet. I bygdeboka for Aurland skriv Anders Ohnstad (1962) at vegane truleg kan rangerast etter alder på denne måten: først var det veidevegane som førte opp i fjellet der ein jakta villrein, seinare vart det stølsveg og allfarveg, so marknadsveg, handelsveg og drifteveg. Til slutt kan ein kanskje legge til «turveg» som mange av dei gamle ferdselsvegane vert nytta som i dag.

Vegen gjennom Aurlandsdalen var kortaste ruta frå Vest- til Austlandet. Den var ein viktig handelsveg både for bønder som selde landbruksprodukt, driftekarar og kremmarar. Lenge vart det heldt marknad på Hallingskeid der bønder og handelsfolk møttes på halvvegen for å handle (Thyri, 2008). Landskapet var krevjande å ferdist i, og når ein skulle til støls eller beite hadde ein med seg heile buskapen med sau, geit, kyr, hest, og somme til og med grisar. Før kraftutbygginga var flaum under vårløysa ei stor utfordring (Øyum, O., 2020). Vegane var aldri heilt den same frå gong til gong, etter kva tid på året det var, kva vêt det var, kven som gjekk og kva dyr ein hadde med seg. Geit



Figur 54. Til venstre: Det er lagt mykje arbeid i ferdselsvegane for å gjere dei farbare for folk og dyr.

Figur 55. Til høgre: Sinjarheimsgalden kan få mange til å kjenne litt på høgdeskrekken. Den vart sprengd ut i fjellsida i 1863 for å betre tilkomsten til garden med hest. Før dette måtte ein krysse elva i Almen og gå framover dalen om Teigen og ned til Bridlebrui, før ein kunne gå tilbake mot Sinjarheim

og sau er lette til beins og ein kunne ta dei med opp bratte vegar og over svaberg, men hest og kyr måtte ha stødigare grunn for å kunne ta seg fram. Stort sett gjekk det bra, men det hende nokre gonger at det for dyr utfor vegen (Øyum, O., 2020).

*«somme tider so sto vatnet so høgt  
atte da sto opp i kløvjadn på hesten dar,  
so mjølet va heilt blautt når ein kom  
fram»*  
(Øyum, G., 2020)

Ferdselsvegane har endra seg mykje gjennom tidene. Eksempel på store utbetringar som vart gjort er Sinjarheimsgalden som vart skoten ut i fjellet i 1863 og Nesbøgalden på 1930-talet

(Thyri, 2008). Før den tid måtte ein gå lange omvegar med dyri. I Nesbø var det lenge ein konstruksjon i bjørketre langs bergveggen der folk kunne gå og somme tider bar dei med seg dei minste dyra på ryggen, men dei fleste «beisti» måtte gå rundt, opp Gravadalen til Tindi og ned på hi sida til Aurviki (Øyum, O., 2020). Den siste store endringa på vegen kom med kraftutbygginga og riksvegen over fjellet. Delar av traséen til riksvegen er lagt der ferdselsvegen gjekk langs elva. I eit strekke mellom Grønestølen og Stemmerdalen er ferdselsvegen derfor flytta opp i fjellsida (Sønnerheim S., 2020).

*«da e jo so stoppeleg bratt [opp  
Gravadalen] veit du, heilt føferdeleg, og*

*so ber da neatte pao hi sida»*  
(Øyum, O., 2020)

### Ferdselsvegen som sosial struktur

Bøndene som støla og budde oppetter dalen samarbeida om vedlikehald av ferdselsvegen som kvart år vart utsett for ras og flaum. Dette var viktig for å sikre at ein kunne kome fram med dyra til fjells. Grunneigarane hadde faste strekker eller «rodar» av vegen som dei hadde ansvar for. Dette var noko alle som nytta dalen plikta å delta på og heile våren arbeidde ein faste dagar i veka med vegen (Øyum, O., 2020). Etter at stølsdrifta tok slutt vart det også slutt på det faste vedlikehalde av vegen. Arbeidet som har vore lagt i vegen tidlegare har lagt eit

*«Dao hadde mi nøye kontroll med desse hestane – før ikkje hadde mi radio og ikkje hadde mi telefon, og det einaste mi hadde av nyheite – va desse folki som fór opp og ni dalen.»*  
(Hernes, 2020)

solid grunnlag, men utan jamleg vedlikehald står vegen til forfall. I dag vert det kvart år halde frivillige dugnader langs vegen, men arbeidet er ikkje like omfattande som då alle grunneigarane var engasjert. Store deler av vegen er no i for dårleg stand for t.d. hestar eller kyr (Bjarnadóttir, 2020).

På ferdselsvegen møttes alle som nytta seg av Aurlandsdalen. Her gjekk handelsfolk, spelemenn, gardsfolk, driftekarar og turistar samt ei og anna brur eller friar. På grunn av ferdselsvegen vart det tette band mellom «naboane» på kvar si side av fjellet i Aurland og Hallingdal (Thyri, 2008). Mange farande folk fekk husly langs vegen på gardane og stølane. Ferdselsvegen gjekk ofte rett gjennom tunet. Dette var kjærkomen både for slitne vandrara og gardsfolk, då vandrara gjerne hadde med seg nytt og spennande historiar utanfrå og det var ofte lite kontakt utanfrå på stølane og høgdegardane (Hernes, 2020).



Figur 56. Kløvhest på veg framover dalen frå Aurdalen (fotograf ukjend, u.å.)



# Stølstradisjonar og matkultur i Aurlandsdalen



Figur 57. Det var mange plikter og lange dagar på stølen. Helst var det kvinnene som sto for stølsdrifta med mjølkning morgon og kveld, ysting av ost, kinning av smør og rømme. Ofte vart nokre av ungane på garden med som medhjelparar. Bilete viser Gudrun Skjerdal i gang med brimosten. (Foto: Helge Aarrestad, u.å.)

Stølsdrifta var heilt nødvendig for å få utnytta beiteressursane høgare i fjellet og avlaste beitet heime på garden. Gardane hadde gjerne 2-3 stølar som dei veksla mellom frå den heimste stølen då det byrja å grønast om våren, til opp mot tregrensa om sommaren og litt lågare i lende igjen om hausten. Stølsdrifta er ein form for «nomadebruk» som kan sporast tilbake til dei første busetnadane ein finn i fjellområdet. Gards- og stølsprodukt som brimost (brunost) og smør var viktige inntektskjelder i tillegg til kjøt, ull og korn. Kvitosten var mest til husbruk og ei viktig kjelde til protein. Så lenge det vart mjølka måtte ein yste kvar dag, noko som gjorde krav på store mengder ved til å fyre under kjelen. Dette var også med på å halde skogveksten tilbake og landskapet ope. For fjellstølane som låg høgt til fjells måtte ein gjerne kløvje veden opp med hest. Hesten vart også nytta til å frakte ost og smør frå stølen og ned til garden, eller vidare for sal (Ohnstad, 1962).

## Ny stølsdrift i Aurlandsdalen

Frå rundt starten av 60-talet var det slutt på stølsdrifta i Aurlandsdalen, men i 1993 vart det

*«Det er jo ein unik opplevelse. Elevane seier at: “Det gjer noko med oss»»*  
(Hov, 2020)

blåst nytt liv i stølstradisjonane. Sogn Jord- og Hagebruksskule (SJH) hadde bestemt seg for å starte med sommarkurs i stølsdrift. Skulen som var truga med nedlegging såg då til dei gamle tradisjonane i eit forsøk på å fornye seg. Tilfeldigheitane skulle ha det til at stølskurset vart lagt til Sinjarheim der Fortidsminneforeininga hadde starta med opprusting av det gamle gardstunet og ønskte seg nokon som kunne ta garden i drift (Hov, 2020).

Even Hov har leia stølskurset på Sinjarheim sidan oppstarten og fortel at dei etter første kurset eigentleg hadde bestemt seg for å gi det opp då det var svært krevjande og mykje ansvar. Likevel såg dei at elevane tykte det var stas å få tilbringe tid i fjellet og leve på “gamlemåten” og det betydde mykje også for bygdefolket og turistar. Hov meiner det er stor verdi i å sjå at det framleis går an å leve på denne måten, og at utmarksressursane kan nyttast betre. Det er mykje lærdom i dei gamle tradisjonane.

## LOKALKULTUR

På begge sider av fjellet vert det jobba med å fremje lokalmat og opplevingar med røter i kulturarven. I Hol har fleire osteprodusentar gått saman om merkevara «Ostebygda» der dei produserer ost etter oppskrifter som er «nedarva slektsklenodium, overlevert og perfektionert frå generasjon til generasjon» (Ostebygda, u.å.). I Aurland er Sakte ein liknande allianse der produsentar av lokalmat og opplevingar med «rotfeste og lojalitet til verdsarven» har gått saman om å fremje lokalkultur blant turistane under mottoet «*reis sakte, opplev meir*». Sakte er også ein partner i Nærøyfjorden Verdsarvpark (Sakte, 2019).



Figur 58. Steinbergdalshytta er ein partner i Sakte-alliansen (Foto: SAKTE)

## Turismen i Aurlandsdalen

Turismen i Aurlandsdalen er slett ikkje eit nytt fenomen; den starta smått allereie kring byrjinga av 1800-talet då folk byrja å ta turen innom dalen av andre grunnar enn at arbeidet krevde det. Ein av desse var den kjende kunstnaren Johannes Flintoe som tok turen ned dalen i 1819 då han mellom anna måla det kjende verket med utsikten frå Bjønnstigen (figur X). I tidsskriftet Kunst og Kultur sto det at «*Det er i virkeligheten Flintoe som har oppdagat det romantiske Norge - høvfjellet og isjøklene og fjelldalene med fossene*» (Thyri, 2008).

Romantikken sine kunstnarar var ikkje dei einaste som vart trekt mot den storslagne fjellnaturen. Frå 1850-åra fram til 1904 kom engelske lordar for å fiske laks i elva og jakte rein i fjellet. Lordeturismen vert rekna som starten på den moderne turistferdsle i Aurland. Særleg dei to lordane Garvagh, «Gamlelorden» og «Veslelorden» vart godt kjend, både i Aurland og Hallingdal. Dei dei var mykje i fjellet og fekk til og med lokalbefolkninga til å bygge enkle steinhytter i nærleiken av kjende trekkruter for villreinen. Lordane hadde ei stor kjærleik

for fjellnaturen. I ei skildring frå ei ferd over Stondalen og Flatnosi skriv Veslelorden i nærast religiøse tonar: «*Å kor hærleg det er å vakne inne på høvfjellet, her oppe i fjellheimen har tidi større dimensjonar og ein har ei kjensle at æva har teke til. [...] Eg tykkjest å ha fått eit glimt av eit mektig mysterium, høvrt kviskring av ei æveleg sanning, og denne stordommen, dette mektige veldet frå ein vill og kraftig natur, har sett meg i stand til å ta imot visdom frå det høge*» (Ohnstad, 1962 s. 432-433).

Turistferdselen i fjellet slik me kjenner den i dag tok for alvor til med opninga av Bergensbana som opna i 1909 som opna for at folk frå Bergen og Oslo enkelt kunne kome seg til fjells (Ohnstad, 1962). Etter skipinga av DNT i 1868 (DNT, u.å.) vart det lagt vekt på tilrettelegging for ferdsel og overnatting i fjellet og fleire turishytter vart opna (Thyri, 2008). Turisthyttene dreiv også ein form for stølsdrift og hadde gjerne både kyr, grisar og geiter på beite kring hytta. Det vart slakta gris, ysta ost, kinna smør og kokt rømmegraut til turistane (Hernes, 2020).



Figur 59. til venstre: DNT Oslo og omegn har ansvar for merking av ferdselsvegen.

Figur 60. til høgre: På vegggen i Steinbergdalshytta heng ein reinsskinnsvepose som ein gong låg under ein heller langs ferdselsvegen, klar for farande folk å sove i for natta om det skulle vere behov for det. Det er mange slike forteljingar knytt til veggpryden i turishytta.

## Kven er turisten i dag?

Det er mange ulike folk som kjem besøker Aurlandsdalen. Nokre går heile ruta over fleire dagar, medan andre nøyer seg med kortare strekker og småturar. Dalen er av ein slik karakter at den passar både til småbarnsfamiliar og til dei som likar meir «ekstreme» former for friluftsliv (Brunborg-Næss, 2020). I fjellet kjem det også ein del for matauken sin skuld, då det er mykje å by på båret av storvilt- og småviltjakt, fiske og sanking av sopp og bær. Nokre av desse tilbringer gjerne nokre dagar på ei av turishyttene. Mange som kjem innom hyttene er på tur over fjellet i bil. Både på Øvstebø og i Stemmerdalen er det biltilgang til dørå og lett tilgjengeleg for alle som skulle ønske det.

Aurlandsdalen er på mange måtar viktig for også som ein del av den nasjonale identiten. Då ferdselsvegen mellom Vassbygdi og Aurdalen fekk status som Historisk vandrerute i 2016 var det eit viktig poeng å fremje ruta som ein del av den nasjonale kulturarven og bidra til bevisstgjerung om historia og kulturarven blant turistane som vandrar gjennom dalen (Brunborg-Næss, 2020).

Solveig Kvakestad er turistvert på Steinbergdalshytta, og einaste heilårsfastbuande i fjellet. Ho meiner at dersom kulturhistoria knytt til området vert formidla kan den gi ein ekstra dimensjon til opplevinga (Kvakestad, 2020). Dette var også noko av grunnen til at ferdselsvegen fekk status som historisk vandrerute.

«[håper] at de kan føle en slags forbindelse til de menneskene som har brukt dalen gjennom hundrevis av år»  
(Brunborg-Næss, 2020)

# Eldsjeler og dugnadsand i Aurlandsdalen

*«Det bankar eit varmt hjarte for dalen»*  
(Hov, 2020)

Det er mykje engasjement kring kulturhistoria og landskapet i Aurlandsdalen. Mange, både frå lokalbefolkninga, grunneigarar, SJH, DNT, Fortidsminneforeininga og fleire andre har investert utallige dugnadstimar og mykje midlar i å halde dalen i hevd. Restaureringa av gardstunet på Sinjarheim er eit eksempel på dette. Mot slutten av 80-talet ville tilfeldigheitene ha det til at Fortidsminneforeininga fekk augo opp for garden då ein frå foreininga var i Aurlandsdalen på tur. Tunet sto då til nedfalls og var i ferd med å gro til. Det vart sett i gang dugnad med restaurering der folk i frå heile landet deltok (Hov, 2020).

Dugnadsarbeid er viktig for å halde både bygningsmiljøa og ferdselsvegane i hevd. Venner av Aurlandsdalen er ein frivillig interesseorganisasjon som arbeider med Aurlandsdalen. Det heile byrja med at tre damer tykte det var synd å sjå korleis dalen grodde til

og byrja med å rydde vegen. Etter kvart kom dei saman og stifta Venner av Aurlandsdalen. Kvart år arrangerer dei dugnadar for å rydde vegen for stein og busker, veite vatn, rydde fram kulturminner og informere om kva ein kan sjå langs ruta. Då det gjekk ras sommaren 2019 vart det også lagt inn mykje innsats i samarbeid med verdsarvparken og DNT for å halde vakt ved ruta under arbeidet med å rydde raset. Dugnadsgjengen i Venner av Aurlandsdalen har på mange måtar teke på seg ansvaret med å halde vegen som tidlegare låg til bøndene som hadde støl framover dalen. Slik håper dei å halde vegen ved like, men å halde heile kulturlandskapet i hevd slik det var då det var beitedyr over alle haugar kan sjølv ikkje dei klare (Sønnerheim S., 2020).

*«Det ligg liksom i meg at her skal det gå veg»*  
(Hernes, 2020)



Figur 61. Venner av Aurlandsdalen i gang med dugnad. (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

I arbeid med restaurering og gamle teknikkar vert mykje gjort i regi av Fortidsminneforeininga der det vert heldt kurs i tradisjonelle handverksteknikkar. Til dømes er det arrangert fleire kurs i tørrmuring i samband med restaurering på Sinjarheim og steinlegging etter gamle teknikkar for å veite vatn or ferdselsvegen. På Sinjarheim vert det også arrangert slåttehelger med slått av innmarka på tradisjonelt vis i regi av SJH. Gjennom kursa vert også kunnskapar om tradisjonelle teknikkar og bruk vidareført, samstundes som ein tek vare på kulturminner i dalen (Hov, 2020).





# DEL 4

DISKUSJON,  
KONKLUSJON  
OG FORSLAG TIL  
MOGLEGE TILTAK

## 4.1 DISKUSJON

Som ledd i å svare på hovudproblemstillinga sette eg meg tre underproblemstillingar som vart utforska i del 2 og del 3 av oppgåva. I diskusjonsdelen vil eg no prøve å nøste opp i funna frå litteratur- og eksempelstudia med mål om å utarbeide eit sett med prinsipp som kan vere retningsgivande for kulturell verdiskaping med grunnlag i materiell og immateriell kulturarv. Diskusjonen er tredelt og tek utgangspunkt i følgjande diskusjonstema:

### 1. Kva er behovet?

Kor bevisst er me kring kulturarven som ressurs, og korleis vert den forvalta med dette som utgangspunkt?

### 2. Kva kan kulturarven fortelje?

Kva forteljingar ligg i landskapet? Kva kan tidlegare bruk og kulturelle tradisjonar lære oss som kan vere viktig for samfunnet i dag?

### 3. Korleis skape rom for læring i møtet med landskapet?

Kva må til for å skape sterkare grunnlag for forståelse for den kultur-økologiske samanhengen i møtet med landskapet? Korleis påverker det ytre landskapet læringsprosessen i møtet?



# Kva er behovet?

## Hovudproblemstilling

*Korleis kan fysisk og immateriell kulturarv knytt til ferdsel og bruk av fjellet vere ein ressurs for å styrke relasjonen mellom folk og fjellandskap i dag?*

## Underproblemstilling 1

*Korleis bidreg møtet med landskapet til å bygge relasjonar mellom folk og landskap?*

## Underproblemstilling 2

*Korleis kan kulturarven nyttast som ressurs for folk i dag?*

## Underproblemstilling 3

*Kva er potensialet for kulturell verdiskaping med grunnlag i kulturarven i Aurlandsdalen?*

Det må ei omstilling til dersom me skal komme oss gjennom dei rådande globale krisene knytt til natur og miljø, og dette innebærer ei større bevisstheit kring økologien og menneska sin del av heilskapen (jf. Leopold (1989); Næss et al. (2008); Abram (2012); Jakobsen (2005)). Læring med eit økologisk utgangspunkt slik Jakobsen (2005) trekker fram kan bidra til endra haldningar og bygge opp eit verdigrunnlag for framtidig handling. Dette er transformativ læring med utgangspunkt i fysiske stader og landskap.

Læringspotensiale og ressursgrunnlaget kulturarven står for vert understreka i nasjonale og internasjonale føringar mellom anna i St. meld. nr. 16 (2019-2020) (Nye nasjonale mål for kulturmiljø, samt ELC (2000) og Faro-konvensjonen (2005)). Ei utfordring er at mykje av vår kultur- og naturarv går tapt eller står i fare for å gå tapt. Trass i at nasjonale og internasjonale mål tilseier at det er eit ønske å ta vare på desse verdiane, ser ein at mykje av kulturarven går tapt mellom anna i samband med nedlegging av utmarksbruk og attgroing av landskap (Bunger & Haarsaker, 2020). Det

verker å vere eit gap mellom målsetjingar og praksis. Landbrukspolitikk og forvaltning har stor betydning for å halde kulturarven i fjellandskapa i hevd. Enkeltsatsingar som Utvalgte kulturlandskap i jordbruket er gode tiltak for å verne om nokre få, utvalgte eksempel, men det hjelper lite når det på generell basis ikkje er lønsamt å drive jordbruk i fjellandskap. Då trengs det ei meir heilskapleg satsing og politisk vilje for å halde liv i landbruket i slike landskap.

## Brei verdiskaping i eit regionalt perspektiv

Evalueringa av verdiskapingsprogramma på natur- og kulturarven peiker på den breie verdiskapinga som ein veg mot bærekraftig utvikling. Med utgangspunkt i lokale ressursar som er rota i stadeigen natur- og kulturarv vil ein kunne fremje både kulturell, sosial, miljømessig (økologisk) og økonomisk verdiskaping (Haukeland & Brandtzæg, 2009). Ein viktig del av den breie verdiskapinga er å sjå verdiskaping i samanheng med

ressursgrunnlaget. Her vert samanhengane og heilskapen fremja, noko som er i tråd med det økologiske perspektivet (Jf. Næss et al. (2008); Jakobsen (2005)). Ei regional tilnærming vert trekt fram som ideell, i at den vert eit bindeledd mellom lokalt engasjement og lokale ressursar sett i samheng med det nasjonale og globale gjennom ei «glokale utviklinga» (Haukeland & Brandtzæg, 2009). I evalueringa av verdiskapingsprogramma kom det også fram at pilotprosjekta som allereie hadde opparbeida ei regional forankring var dei som fekk mest utbytte av den breie verdiskapinga. Ein såg at verdiskapingsprogramma då hadde ein positiv effekt på å fremje og ta vare på den lokale natur- og kulturarven og å skape større bevisstheit kring og sterkare relasjonar mellom folk og landskap. Regionalparkane og Norske Parker er gode eksempel på dette der dei fremjar verdiskaping med utgangspunkt i stadeigen natur og kultur og samarbeid på tvers av sektorar og aktørar. Til dømes kan ein trekke fram villsauprosjektet frå Sognefjorden Kystarv som viser korleis dei gjennom å ta i bruk lokale tradisjonar med beitebruk og villsaudrift

både sikrar naturarven i beitelandskapet, held tradisjonar i hevd og skapar ein arena for transformativ læring der lokalbefolkninga knyter sterkare relasjonar til kulturarven og landskapet. Her vert det Regionalparken plattform som å halde liv i ein kulturarv som elles ville gått tapt. Det regionale perspektivet vert også trekt fram av Jakobsen (2005) som ideelt utgangspunkt for transformativ læring.

## Oppsummering 1

Nedgang i bruken av utmark fører til tap av kulturarv, både den materielle kulturarv i form av tap av kulturlandskap som følge av attgring og forfall av kulturminner som ikkje vert brukt samt immateriell kulturarv i form av kunnskapar og tradisjonar som forsvinn. Dette kan også medføre at ein mister noko av landskapet sitt læringspotensial.

Brei verdiskaping kan bidra til å styrke kulturarven i fjellandskapa og halde den i live.

Ei regional samarbeidsplattform er eit godt utgangspunkt for brei verdiskaping med grunnlag i ein felles natur- og kulturarv.

# Kva er læringspotensiale i møtet med landskapet?

På ulike måtar bidreg regionalparkane med kulturell verdiskaping som fremjar forteljingane i landskapet. Dette er med på å danne nærare relasjonar mellom folk og landskap. I følge Bischoff (2008) har eit kvart møte med landskap eit læringspotensiale. Dersom ein ynskjer å forvalte med hensikt om å fremje læring mot ei økologisk danning må ein først og fremst verte bevisst kva landskapet kan lære oss som kan rettleie oss mot dette målet. Abram (2012) viser til korleis stader og forteljingar om stader for Apachane i Nord Amerika er rettleiarar for eit etisk liv. «Landjorda får folk til å leve rett» (Abram, 2012 s. 147). Alle Apacheforteljingane vert alltid innleia og avslutta med å seie kvar hendinga fann stad. Staden er ein viktig del av forteljinga, ikkje berre som bakgrunn for handlinga, men som ein aktiv del av handlinga. Utan staden mister forteljinga si kraft, for stadlause hendingar er umogleg og verker absurd. Forteljinga vert også ein del av staden sin identitet, staden og forteljinga er uløysleg knytt til kvarandre. I den transformativ læringa (Jf. Jakobsen) har forteljingane i landskapet ei viktig rolle i å rettleie oss og sette oss i

kontakt med menneska sin plass i heilskapen og evolusjonen. I Aurlandsdalen er til dømes samanhengen mellom geologien og floraen viktig for kulturen og for at folk kunne leve der. Menneska kom til dette landskapet fordi havbotnen ein gong for lenge sida låg over fjellgrunnen og gav avsetningar som vart til ein næringsrik bergart som la grunnlag for liv og livnæring. Denne forteljinga synest i landskapet i den frodige vegetasjonen, dei svarte, kantete berghamrane av flisafjell og jettegrytene ein ser gjennom heile dalen. Dersom ein vert sett i kontakt med denne forteljinga kan ein byrje å undre seg over samanhengane, stille spørsmål og rette merksemda si mot teikna i landskapet der forteljinga trer fram.

## Eit anna perspektiv

I «supermarknadperspektivet» som Arne Næss (2008) skildrar betraktar ein verda som ein samling av element utan samanheng, som varene på ei butikkhylle. Koplinga frå produsenten og landskapet forsvinn ein stad på vegen. I Valdres natur- og kulturpark

har lagt stor vekt på å fremje produkt med røter i deira eigen region. Heilskapen med heile verdikjeda frå jord til bord er ein del av opplevinga, og sentral i forteljinga. På grunn av denne samanhengen, heilskapen, vert produkta ilagt større verdi. Dette er eit viktig punkt i den breie verdiskapinga. Når samhengane og prosessane bak vert tydeleg kjem den sanne verdien fram. Produkta er ikkje lenger eit individuelt element utan samanheng. Det er også jorda det er dyrka frå, hendene som har hausta dei og landskapet det er ein del av. Landbruket i Valdres er også eit fjellandbruk som i stor grad nyttar seg av utmarksressursane i landskapet. Fjellandbruka kan her gi eit anna perspektiv for kva som er mogleg og kva som vert betrakta som ressursar for livnæring enn det ein vert presentert for i moderne industrilandbruk. Fjellgardane og stølane i Aurlandsdalen er eit eksempel på korleis ein såg rikdommen i fjellandskapa og gjorde levebrød utav det. Forteljinga om driftekarane er eit anna. Det er mange som seier at driftekarane til slutt fekk mykje pengar og vart rike på arbeidet sitt, ein del enda til slutt som storbønder på

austlandet. Rett nok låg det mange harde arbeids dagar bak dette, men grunnlaget for rikdomen fann dei i fjellet. Naturressursane i Aurlandsdalen har livnært mange gjennom tidene gjennom tidene. Dalen og fjellet gav mat til tusenvis av beitedyr, og på fjellgardane heilt opp til Aurdalen (819 m.o.h.) vart det dyrka både korn og grønsaker, i fjellet levde store flokkar med villrein og den frodige dalen er eit syn for augo med utallige blomar og ville vekster frå vår til haust (Ohnstad, 1962). Fjellandbruka hadde ein mangfaldig produksjon med ulike typar husdyrhald i kombinasjon med dyrking av gras, korn og grønsaker. Dette er på mange måtar motsetnaden til industrilandbruket sine monokulturar.

### Om bærekraftige løysingar

I stadkjensleundersøkinga kom det fram at mange tykkjer det er trist å sjå at landskapet gror til. For nokre er det mest fordi vegetasjonen skuggar for den storslåtte utsikten og dei flotte kulturminna ein går forbi i dalen, og gjer det vanskelegare å ta seg fram. For andre, og

kanskje spesielt for dei som har vore med på stølsdrift oppover dalen er det også tungt å vere vitne til at slike viktige fôrressursar går tapt. Attgroinga er ikkje problemet i seg sjølv, det er ein naturleg prosess som følgjer nedgang i beitedyr. Attgroinga er derimot eit symptom på eit større problem, at noko ikkje stemmer med måten vi driv ressursforvaltning i dag. Dette er også ei forteljing som ligg i landskapa slik som i Aurlandsdalen og som er viktig å vere klar over. Dalen som ein gong var levebrød for fleire hundre folk vert no bortimot ståande urørt og uutnytta. Det er anerkjent att kulturmarka knytt til slike typar landbruk ofte er svært artsrik og viktig som habitat for pollinerande insekt. I tillegg viser forskning at beite- og slåttelandskap spelar ei viktig rolle for karbonbinding i jorda (Bele et al., 2019). Biologisk mangfald og karbonbinding i jord var neppe ein grunntanke for måten ein dreiv gard i Aurlandsdalen, men likevel såg ein at ved å spele på lag med naturen vart avlingane frodige og det vart god mat til dyra. Likeeins såg ein at om ein dreiv dårleg skjøtsel av jorda si ville utslaget på fôret vere tilsvarande. I samspel med naturgrunnlaget og

kunnskapen bygd opp gjennom generasjonar kom ein fram til bærekraftige løysingar.

### Korleis «lese» landskapet

I fjellandskapa slik som i Aurlandsdalen kan ein vanskeleg sjå kulturarven med forteljingane om busetnad i fjellet, jakt, beitedyr og ferdsel utan å sjå dei i samanheng med naturgitte føresetnader for nettopp denne kulturen. Kulturpåverknaden har igjen prega samansetninga av flora og artsmangfald. Naturen og kulturen er ein del av den same heilskapen. Desse forteljingane manifesterer seg i spora i landskapet, som dei opne beitemarkene, bygningane og ferdselsvegane i fjellet, samt i matkultur og kunsten som bygger på det stadeigne ressursgrunnlaget og kunnskapane. Ta til dømes ferdselsvegane i Aurlandsdalen. I dag er dei mest brukt som tursti for turistar og lokale, men dersom ein byrjar å stille spørsmål med vegane sitt opphav, «kvifor er dei her?», kan ein trekke forbindelsar heilt tilbake til dei aller første menneska som levde her. Ferdselsvegane var forbindelsar opp

i høgjellet der villreinen levde, og ned i dalføra der ein fann frodig vegetasjon og le for uvêr. Seinare vart dei stølsvegar og handelsvegar. Slik er ferdselsvegane ein del av ein eldgamal arv som me framleis bygger vidare på. Desse forteljingane betyr derimot lite for dei som aldri undrar seg over og stiller spørsmål om vegen dei går på.

I møte med landskapet «leser» ein forteljingane og spora i landskapet gjennom dei kroppslege sanseinntrykka. Merleau-Ponty (1996) forklarar dette som ein dialog der både der alt i det ytre landskapet, dyra, plantene, steinane, elvane og fjella er like aktive i persepsjonen som personen som erfarer landskapet. Abram (2012) hevdar at menneska gjennom vår siviliserte kultur har vorte avlært språket til livsverda, og har mista evna til å forstå anna enn det vi har skapt i vår egen kultur. Kanskje kan kulturarven då verte ein nøkkel til å forstå det landskapet kan fortelje oss?

## Oppsummering 2

Forteljingar knytt til stader og landskap har eit mykje å lære bort. Dei kan bidra til rettleiing mot ei økologisk danning. Kulturarven fortel samspelet mellom natur og kultur, og kan bidra til ei betre forståing for forteljingane om menneska sin plass i heilskapen og økologien.

Kulturlandskap som dei ein finn i fjellandskapet kan gi andre perspektiv på ressursutnytting og bærekraftig produksjon. Dei syner ei forteljing der menneskeleg påverknad bidreg til artsmangfald og er ein del av økosystema. Levande kulturlandskap og matkultur kommuniserer samanhengane på ein måte ein ikkje ser i det industrialiserte samfunnet.

Landskapsforteljingar kjem til syne gjennom fysiske spor som ferdselsvegar, bygningar og beitelandskap, samt den immaterielle kulturen knytt til landskapet.

# Korleis skape rom for læring og dialog i møtet med landskapet?

Daugstad (2001) viser til ulike strategiske tilnærmingar til forvaltning av kulturarven i landskapet med eksempel frå Rørosområdet. I dei ulike tilnærmingane må ein stille seg aktivt til korleis ein vil formidle og kva ein vil ta vare på av dei ulike «laga» av kulturhistorie. Om ein ser dette i samanheng med Bischoff (2008) vil dei ulike strategiske tilnærmingane ha stor verknad på landskapet kva det ytre landskapet bringer med seg inn i prosessen med landskaping. Ho meiner at landskapet si iscenesetting, korleis det ytre landskapet presenterer seg for oss i møtet, vil ha stor innverknad på kva ein tolkar ut ifrå møtet. Dette vil eg no illustrere i tre ulike scenario:

## Scenario 1

*Graset veks høgt kring stien du går på. Det kiler mot den bare huden på leggane. Rundt ein sving opnar den tette skogen seg i ein liten lysning, og du får auge på ruinane av etter ein bygning. Ein del av murane har rasa inn, og villniss og mose veks over dei så dei nesten går i eitt med bakken. Midt imellom murane veks det til og med fram ei lita bjørk! Synet fyller deg med undring. Kva kan dette ha vore for noko? Kva skulle ein bygge slike murar etter her, midt i ein avsides dal? Kan det ha budd nokon her? Det må i allefall ha vore veldig lenge sidan! Fascinerande å sjå korleis skogen så effektivt kan viske ut alle spor når den først får tak.*

Dei fleste vil i møtet med ruinane i landskapet straks kjenne igjen dei gamle steinmurane som noko menneskeskapt, og eit teikn på menneskeleg bruk av staden ein gong tilbake i tid. Utover dette er det ikkje godt å dømme kva denne bruken har vore. Kan hende var det ei stove der det budde folk eller ei hytte i skogen? Kanskje ei utløe for høy, eit

kvennhus eller eit krypinn for dyr på beite? Kor nært folk i møtet med ruinane kjem til å gjette den verkelege historia vil variere etter den forkunnskapen dei bringer med seg. Det viktigaste her er likevel at dei gamle steinmurane representerer eit mysterium, noko å undre seg over slik Jakobsen trekker fram i samband med den transformative læringa. Kanskje vil ein med dette byrje å leite etter andre spor som kan vere ein ledetråd i spørsmålet om tidlegare bruk. Slik vert merksemda leia mot detaljar og ein forhold seg meir aktivt til omgjevnadane.

Her vil ein også verte vitne til korleis naturlege prosessar etter kvart gjer krav på det som ein gong var ein bygning, eit tydeleg teikn på dei aktive endringsprosessane i landskapet. Ruinane set ein i kontakt med ei fjern fortid, og ein får eit slags bilete på slik det var før i høve til slik det er no.

## Scenario 2

*Rundt ein sving opnar den tette skogen seg i ein liten lysning og du får auge på eit lite laftahus! Huset er i gamal stil, men tømmeret ser nytt ut og bygget er i god stand. Nokon har teke seg bryet med å restaurere den gamle stova. Det er bygd oppå murar av stein, og har eit lite vindaug og ei pipe. Kanskje er det eit gammalt sel og staden har vore brukt som støl i gamledagar? Det må vere ein lang veg å gå frå bygda, men slikt gjorde dei jo før i tida... På lysningen kring huset veks tyrihjelmene tett, og det er vanskelig å kome bort til huset, men sola varmar så fint i sørveggen, og det passar fint med ein liten kaffipause her.*

I dette scenarioet møter ein eit restaurert eller rekonstruert kulturminne i landskapet. Bygget har element slik som vindaug og ei pipe som ein kjenner igjen som teikn på at det er eit hus for å bu i. Kanskje kjenner ein til stølstradisjonar og gjer koplingar i den retninga. Plasseringa i landskapet er også sentral, ein veit at ein er langt frå bygda og det må vere ein grunn til at nokon skulle ta seg bryet med

å bygge ei slik stove nettopp her. Kulturminnet kan også formidle noko om lokal byggetradisjon og materialbruk. I slike tilfelle kan forteljinga knytt til kulturminnet vere meir intuitiv å lettare å fatte utan at det blir fortalt.

Her vel ein å iscenesette kulturhistoria tilnærma slik den ville ha sett ut på eit gitt tidspunkt. Ei slik tilnærming kan vere effektiv for å synleggjere forteljingane i landskapet. Det er likevel viktig å vere obs på nettopp kva for ei forteljing ein formidlar. I prosessen med å rekonstruere kulturminnet har ein valt vekk nokre historiske lag til fordel for andre. Forfallet frå det første scenarioet har også ei historie å fortelje.

### Scenario 3

*Ei søt lukt trekker inn i nasen der du går og du kjenner du får vatn i munnen. Stien gjer ein sving og landskapet opnar seg i ein vid lysning. Kjelda til den søte lukta openbarer seg: eit lite stølshus står midt på lysningen og det ryk friskt frå pipa. Her er det ost på gang! I sørveggen sit budeia sjølv og nyter sola og ein kopp kaffi. "Hei" seier ho, og spør om ikkje du har sett geitene hennar på veggen. Jo, seier du, du hadde då sett nokre dyr, høgt oppi åssida eit stykke framover i dalen. Ja dei likar seg der på slike varme dagar, svarar budeia, "det er nok der dei finn det beste graset. Det er langt å gå, men det er då også slikt det blir god ost av. Eg får til å lokke på dei snart så kjem dei vel heim." Du seier at ho får ha lukke til, og lurar på om ikkje det er mogleg å få ein liten smak av denne osten.*

I dette scenario møter ein ein levande kulturarv med aktiv stølsdrift. Stølsdrifta formar møtet med landskapet på fleire vis; aktiv beiting held landskapet ope og bidreg til stort mangfald i flora og insektliv. Også vedhogst for å fyre for ysting av ost bidreg til det opne landskapet. I tillegg er luktene og nærveret av levande dyr og menneska som arbeider på stølen sentrale i opplevinga. I møtet med den levande kulturarven trer samanhengane tydelegare fram. Dyra et mat frå fjellbeitet, produserer mjølk som budeia ystar ost av med å fyre med ved som ein finn i nærområdet. Når ein får smake på stølsosten er det også smaken av landskapet, smaken av den stadeigne kulturen. Her møter ein både den fysiske kulturarven i form av stølshusa og eit aktivt beita kulturlandskap, samt den immaterielle kulturarven med kunnskap og tradisjonar knytt til stølsdrift og utmarksbruk.



Dei tre ulike scenarioa viser korleis kulturarven sin iscenesetting verker inn på persepsjonen av landskapet og landskapsforteljingane. Det ytre landskapet som møter oss legg rammene for kva sansar som vert aktivert og kvar ein retter merksemda si. Alle dei ulike scenarioa har ein verdi i formidlinga og opplevinga av landskapet. Dei synlege spora av kulturarven bidreg til å konkretisere forteljinga om menneske sin bruk og tilstadeversle i landskapet. Forteljingane vert stadbundne. Forteljingane bidreg til å fylle staden med mening, og skape stadkjensle. Dei ulike scenarioa fortel også ulike forteljingar og alle bidreg med noko eige. Til dømes vil ein i det første tilfellet få med seg forteljinga om forfallet, og naturen som etter kvart gjer krav på bygningen. I det andre tilfellet er denne delen borte, men her vil ein derimot verte introdusert for lokal byggeskikk og få eit klårare blick på korleis det ein gong gjekk føre seg. I det siste scenarioet kulturarven meir enn berre forteljinga frå fortida. Både den materielle og immaterielle er sentrale i stadkjensla og kjem fram både gjennom lukt,

smak, utsikt og nærveret av levande dyr og moglegheita til å snakke med budeia på stølen der ho lever og arbeider. Slik vert forteljinga om ressursutnytting og samanhengen mellom mat og landskap tydeleg. I St. meld. nr. 16 (2019-2020) (vert det lagt vekt på at det beste vernet av kulturarven er gjennom bruk. Møtet med ein levande kulturarv er også den beste måten å formidle og skape relasjon til den. I Valdres Natur og Kulturpark er nettopp det å legge opp til ein heilskapleg oppleving av regionen eit viktig fokus. Til dømes er ein viktig kvalitet at maten er produsert på lokale naturressursar, maten skal smake Valdres. Sjølv sagt er det ikkje alltid realistisk å få til same bruken som var før, slik som med stølsdrift og gamle gardsbruk. I Aurlandsdalen vart det igjen stølsdrift på Sinjarheim i undervisningssamanheng med SJH, men stølsdrifta er både arbeids- og tidkrevjande. Ein kan likevel tenke seg at kulturarven kan nyttas i ulik grad og organiserast i nye former slik villsauprosjektet til Sognefjorden Kystpark er eit døme på (Sognefjorden Kystpark, 2020). Villsauprosjektet bidreg til å styrke relasjonen til tradisjonar og beitelandskap blant dei lokale

som bidreg i prosjektet, men også til å skape liv i friluftsområdet for turgåarar. I Aurlandsdalen er det fleire som trekker fram at det er eit sagn at det ikkje var fleire dyr på beite. Beitedyra og beitelandskapet er ein viktig del av kulturarven og møtet med dei bidreg også til ein kopling mot tradisjonell ressursbruk og ein «tilhørighet til det levande liv» (Sønnerheim, K., 2020).

Daugstad (2001) trekker fram at ein kombinasjon av dei ulike strategiske tilnærmingane ofte vil vere aktuelt og gjerne i kombinasjon med andre informasjonstiltak som skilting eller annan munnleg forteljing. Det viktige er at ein er bevisst kva ein kommuniserer med dei ulike tiltaka. Her kan ein skilje mellom ein form for aktiv historieforteljing gjennom til dømes informasjonskilt eller guiding og å late landskapsforteljingane utspele seg sjølve gjennom landskapet si iscenesetting. Då vil det vere opp til den enkelte å «lese» landskapet ut ifrå den individuelle opplevinga og møtet. Historiske Vandreruter stiller krav til informasjon kring ferdsselsvegane både i form av digitale løysingar og fysisk langs ruta. Dette er tilfellet også i Aurlandsdalen. Kvakestad (2020)

som er turistvert ved Steinbergdalen turisthytte seier at for mange vil ikkje kulturhistoria i landskapet prege opplevinga til turistane stort med mindre dei får den fortalt. Om dei får den fortalt vil det derimot bringe ein ekstra dimensjon til turopplevinga, landskapet dei vandrar i vil få ei større meinig. For mange vil den forma for kulturspor i landskapet og livet det vitjar om vere så fjernt frå deira daglege liv at det kanskje ikkje vil verte oppfatta som menneskeskapt i det heile. Då vil landskapet opplevast som «urørt og vill natur». Forteljinga og kulturarven i landskapet vil gå dei hus forbi. Aktiv formidling i form av skilting eller munnlege forteljingar vil derfor vere viktig. Daugstad trekker her fram at ein må vere obs på at det kan verte for mykje av det gode, for mykje skilting og tilrettelegging vil gjere at ein serverer ei «ferdigtygd» oppleving der ein ikkje gir rom for kreativitet og undring i tolkingane. Ein må altså vakte seg for å fortelje akkurat korleis landskapet skal opplevast. For mykje skilting kan gjere at landskapet opplevast litt som ei museumsutstilling, noko statisk som ein betraktar på avstand. På den andre sida kan

informasjonsskilt bidra til å rette merksemd mot element i landskapet som gjer at ein vil forholde seg meir aktivt til det ein møter. Venner av Aurlandsdalen trekker fram jettegrytene i dalen som eit døme der dei håper at ved å skilte ved éi jettegryte kan sette fokus på den geologiske forteljinga i landskapet og gjere at fleire vil legge merke til og aktivt leite etter jettegrytene nedover dalen (Sønnerheim, S., 2020). Ved å identifisere kvar det er hensiktsmessig å plassere informasjonsskilt og kva som kan stå på dei for å aktivere tankeprosessar og rettleie merksemda mot forteljingane i landskapet vil slik informasjon kunne bidra til at folk får ein nærare relasjon til og betre forståing for kulturarven i landskapet. Det same vil gjelde med munnleg informasjon. Dei færraste går i dag med guide gjennom Aurlandsdalen, sjølv om dette også hender. Den viktigaste kjelda til munnleg informasjon er i møtet med lokale, deriblant dei som jobbar på turisthyttene og dei som er med på stølsdrift på Sinjarheim om somrane. I Nærøyfjorden verdsarvpark har eit viktig slagord vore «verdskapinga skjer i møtet», og det har vore eit fokus på å utvikle

«Bygdevertrolla» (Verdsarvpark, u.å.). Her har det vore viktig at dei lokale bygdevertane har god kjenskap til den stadeigne kulturen, men også å verte flinke på å formidle gjennom å sette dei besøkande i kontakt med kulturen i knytt til det nærliggande landskapet. Det betyr mykje at besøkande har moglegheit til å møte menneska som lever av og i landskapet.

Abram (2012) og Jakobsen (2005) trekker fram den kroppslege deltakinga som sentral for persepsjonen og den transformative læringa. Gjennom større kroppsleg deltaking vil ein basere persepsjonen på fleire og rikare sanseintrykk. Her vert utviklinga av stadkjensla sentral. Slåttedagane med SJH på Sinjarheim er eit døme der ein utvikler stadkjensle i møtet med kulturarven og fjellandskapet på den gamle garden. Når ein slår med langorv opplever ein kroppsleg dei bratte bakkane ein slår i, blemmene i handflata av treskaftet og angen av den nyslåtte enga. Ein deltek aktivt i å forme enga ved å slå den, samstundes som ein deltek i ein tradisjonsrik driftsform med tradisjonsrike reiskapar. Ein får eit inntrykk av floraen i slåttemarka, av dei

summande insekta, terrenget og sola i nakken. Den immaterielle kulturen med kunnskapar om korleis ein handterer langorven materialiserer seg i langorven og den nyslåtte enga og ein knyter ein relasjon til arbeidet, til kulturen og gardslandskapet. Når ein går i Aurlandsdalen deltek ein også kroppsleg i landskapet. Her er det ferdsselsvegen og vandringa, kontakten med bakken gjennom føtene, samt landskapet ein kan sjå, lukte og høyre ikring seg som set rammene for utviklinga av stadkjensla. Ferdsselsvegen er også eit bindeledd til kulturhistoria og tidlegare bruk. Dette kjem til uttrykk både gjennom ferdsselsvegen sin karakter og i det kringliggande landskapet. Dess meir ein deltek med sansane sine dess rikare vert inntrykka og relasjonen ein knyter til (Abram, 2012). Bischoff (2008) hevdar at det ikkje er vanleg praksis å ta utgangspunkt i kroppslege opplevingskvalitetar i tilrettelegging og forvaltning knytt til friluftsliv og ferdsselsvegar i dag. Forvaltninga tek stort sett utgangspunkt i å gjere landskapa enkelt tilgjengelig og verne sårbare natur- og kulturverdiar. Ho etterlyser ei tilrettelegging og forvaltning som i større grad tek sikte på å inkludere ei fenomenologisk

gir oss eit betre grunnlag for å lære og forstå gjennom relasjonen til landskapet. Ved å legge til rette for opplevingar som oppfordrer til aktiv deltaking med alle sansane vil ein legge til rette for ein sterkare dialog mellom det indre og ytre landskapet og slik knyte sterkare relasjonar mellom folk og landskap.

### Oppsummering 3

Det som møter deg i landskapet er viktig for kva den enkelte tolker ut ifrå møtet. Det er derfor viktig å vere bevisst i vala ein tek i forvaltning av kulturarv og tilrettelegging i fjellandskap.

Ein levande kulturarv kommuniserer tydeleg samanhengen mellom bruken og landskapet sitt uttrykk. Møtet med den levande arven bidreg til heilskapelege landskapsopplevingar. Møtet med beitedyr bidreg til å gjere opplevingane levande.

Deltakande opplevingar som legg opp til aktiv bruk av eit vidt spekter av sansar gir ein sterkare kroppsleg tilknytting til landskapet og kulturarven. Sanseopplevingane er sentrale i den transformativ læringa.

# Konklusjon: 5 hovudprinsipp for kulturell verdiskaping

Relasjonen mellom folk og landskap knyter seg til opplevinga og *stadkjensla* ein får i møtet med landskapet. Stadkjensla veks i dialogen mellom det indre og ytre landskapet, ein dialog som både er avhengig av individet sin bakgrunn, det ytre landskapet og sjølv møtet, handlingane og omstendighetene ein møter landskapet gjennom. Kulturarven knytt til landskapet er skapt av menneska sitt samspel med dei naturgitte tilhøva, og kan vere ein nøkkel til å få ein betre forståelse for dialogen med landskapet og menneska sin plass i heilskapen.

I følge Haukland og Brandtzæg sin definisjon av kulturell verdiskaping innebærer det all «innsats som kan styrke kulturverdier». Dette inkluderer mellom anna å ta vare på og vidareføre kultur- og naturarven for framtida, og styrke bevisstheita kring den i samfunnet. Gjennom kulturell verdiskaping veks også stadkjensla og kan slik bidra til å danne sterkare relasjonar mellom folk og landskap.

Dei følgande prinsippa er derfor utvikla med mål om kulturell verdiskaping med utgangspunkt i stadeigen natur- og kulturarv.

## Rotfeste i eit regionalt perspektiv

### *Kven knyter kulturarven seg til?*

Sterkt regionalt rotfeste er viktig for fremje og verne om kulturarven, og oppnå ei framtidsretta planlegging. I eit regionalt samarbeid om ein felles kulturarv kan vere eit godt grunnlag for brei verdiskaping og styrke regionen sin identitet.

## Bevisstgjerung kring kulturarven

### *Kva er kulturarven som ressurs?*

Bevisstgjerung om kulturarven er også ei form for kulturell verdiskaping der ein utvikler stadkjensla i regionen. Landskapsressursanalyse er eit verktøy som kan nyttast i bevisstgjeringsprosessen. *Motivet* for analysen er viktig. Kva vil ein oppnå og korleis kan kulturarven verte ein ressurs for dette?

## Aktivere kulturarven

### *Korleis halde liv i kulturarven?*

Tap av kulturarven er også tap av forteljingar og ein mister noko av landskapet sitt læringspotensiale. Aktivt bruk er det beste vern og beste måten å vidareformidle kulturarven på. Når ein kjenner verdien av kulturarven må ein leite etter beste måte å halde den levande på.

## Bevisst formidling og tilrettelegging

### *Kvar og korleis er det hensiktsmessig å legge til rette?*

Landskapet sitt form og uttrykk har mykje å sei for vår persepsjon. Det er viktig å vere klar over korleis forvaltning, skjøtsel og tilrettelegging påverkar opplevinga og møtet med landskapet. I tilrettelegging og tiltak kring kulturarven vil ein alltid måtte stille seg aktivt til vala om kva ein vil uttrykke gjennom tiltaka, og kva for oppleving ein legg opp til i møtet med kulturarven.

## Deltakande opplevingar

### *Kvorleis invitere til aktiv deltaking i kulturarven?*

Deltakande opplevingar aktiverer sansane og gir grunnlag for ein rikare persepsjon av landskapet. Opplevingar som oppfordrer til å høyre, smake, lukte, sjå og kjenne på kulturarven gjer at ein forhold seg meir aktivt til landskapet og kulturarven.

## 4.2 PRINSIPPIELL TILNÆRMING TIL KULTURELL VERDISKAPING I AURLANDSDALEN

I dette delkapittelet vil eg utforske og teste ut dei fem hovudprinsippa gjennom ulike strategiske tilnærmingar for kulturell verdiskaping i Aurlandsdalen. Strategian er meint å illustrere korleis prinsippa for kulturell verdiskaping kan anvendas og vert ikkje utforska i detalj.

I Aurlandsdalen er det allereie mange eksempel på kulturell verdiskaping med utgangspunkt i kulturarven. Mellom anna er det gjort omfattande opprustingstiltak på fleire gamle gards- og stølshus og det vert lagt i mykje arbeid kring ferdselsvegen. I samband med tildelinga av statusen som Historisk vandrerute er det også gjort fleire tiltak for bevisstgjerung og formidling av kulturhistoria. Ikkje minst er Stølskursa SJH har med elevane sine kvar sommar svært viktig som kulturell verdiskaping med vidareføring av stølstradisjonane og skjøtsel av innmark og gardsbygg.

Det er også ein god regional forankring i arbeidet med dalen, med breitt engasjement blant frivillige, grunneigarar og i Nærøyfjorden Verdsarvpark. Historisk var samarbeidet austover til Hallingdal svært viktig, og dette er ein kopling ein saknar i dag. Aurland og Hallingdal deler ei felles kulturhistorie knytt til ferdsel, handel og driftehistorie. Bygdene på kvar si side av fjellet har også liknande tradisjonar knytt til utmarksbruk, stølsdrift og matkultur.

Potensialet for kulturell verdiskaping er stort, spesielt med tanke på den omfangsrike turistferdsla i dalen. I landskapsressursanalysen kom det også fram ein del av utfordringane knytt til kulturarven og landskapet i Aurlandsdalen. Behovet for fleire beitedyr gjennom heile dalen peiker seg ut her. Dalen er sterkt prega av attgroing, og mykje av kulturhistoria forsvinn bak busker og kratt, og vert ståande til forfall så lenge den ikkje vert brukt. Fleire beitedyr ville gjort mykje for å oppretthalde kulturlandskapet og halde ferdselsvegen open. Ferdselsvegen er også ei utfordring då det krever mykje arbeid å halde den i hevd. I dag er til dømes berre delar av ferdselsvegen i god nok stand til at ein kan gå med kløvhest eller kyr. Venner av Aurlandsdalen og dels DNT Oslo og omegn gjer ein formidabel innsats for å halde vegen farbar, men det kan ikkje samanliknast med slik det var før då alle grunneigarane tok ansvaret med å halde vegen ved like.

Basert på funna i landskapsressursanalysen vil eg trekke fram tre strategiske tilnærmingar for kulturell verdiskaping i Aurlandsdalen med utgangspunkt i dei fem prinsippa frå forrige kapittel:

### **1. Opprusting av beitelandskapet**

Auke beiteaktiviteten for å halde beitelandskapet og økologien i hevd, samt fremje kulturarven knytt til utmarksbruk og beitedyr i fjellandskapet.

### **2. Opplysning og oppfordringar langs ferdselsvegen**

Innvitere til meir aktivt deltakande møte med fjellandskapet der ein tek i bruk eit større spekter av sansane og involverer seg i kulturlarven i landskapet.

### **3. Historisk vandrerute frå Aurland til Hallingdal**

Gjenopprette ein sterk forbindelse og samarbeid mellom bygdene på begge sider av fjellet med utgangspunkt i ferdselsvegen som felles kulturarv.

# 1. Opprusting av beitelandskapet


Eit liknande beiteprosjekt som Villsauprosjektet frå Sognefjorden kystpark kan vere aktuelt også her då ein ser den same problemstillinga med attgroing av gammalt beitelandskap fordi grunneigarane ikkje nyttar utmarka som beite. Eit anna alternativ er at det vert ansatt fast gjetar gjennom sesongen. Prosjektet vil måtte basere seg på sesongbasert beitebruk med dyr ein anten leiger eller kjøper på våren og sender til slakt for foredling på hausten, litt slik som driftekarane gjorde før. Ei utfordring er at ein trulig ikkje vil kunne nytte seg av Nofenceteknologien som er i bruk i Villsauprosjektet då det ikkje er mobildekning i store deler av dalen. Ein vil derfor måtte drive aktivt tilsyn og ha gjetarar gjennom sesongen. Strategien vil i hovudsak verte retta mot nedste halvdel av dalen, frå området Øyestølen/Grønestøl ned mot Almen der presset frå attgroinga er størst.

## Opprustingstiltak

Behovet for gjetarar utløyser også eit behov for bustader i fjellet. Då kan det verte aktuelt med ei opprusting av gamle støls- eller gardshus

som kan nyttast som tilsynshytter for gjetarane. Sinjarheim er ein av stadene det er god komfor og eignar seg til å bu over lengre tid, og det finst også fleire stølshus som til ein viss grad vert nytta til jakthytter i dag. Andre stader trengs det opprustingstiltak før det vert buande.

Ei opprusting av ferdselsvegen tilbake til kløvveg mellom Sinjarheim og Aurdalen vil vere naudsynt dersom ein ynskjer å legge til rette for større beitedyr som kyr og hestar.




Figur 62. *Attgroinga er mest aktiv i nedre del av Aurlandsdalen der klima er mildare og det er mindre beitedyr. (Kartdata: NIBIO)*






Figur 63. Samling av sau i gjerde for konsentrert beiting i korte periodar. Fleire stader i dalen kan ein delvis ta i bruk gamle murar.



Figur 64. Gjeting av dyr for å sikre beiting langs ferdsselsvegen.



Figur 65. Plassering av saltstein for å lokke dyra til spesifikke områder.

## Beitedyr, beitebruk og gjeting

Ulike beitedyr har ulike beitepreferansar og mønster, noko som vil gjere utslag i floraen og kvar beitet vert konsentrert. For maksimal utnytting og effekt av beitedyra bør ein då ha eit mangfald i dyreslag og ei hovudvekt på gamalnorske rasar då dei er best egna til dette landskapet. Mengden beitedyr kan tilpassast etter kva ein ser ein har kapasitet til. All beiteaktivitet i dalen vil verke positivt inn.

Dersom ein ynskjer å styre beitebruken må ein derfor aktivt gå inn å gjete, eller nytte midlertidige gjerder, slik ein i dag gjer til dømes med saubeite på Almen. Dette kan også vere eit godt tiltak for å få til intensiv beiting i korte periodar for å rydde på utvalgte stader. Det er også vanleg å legge ut saltsteinar på utvalgte

stader, noko som vil trekke beitedyra til seg og kan bidra til å styre kvar dyra beiter. For å halde ferdsselsvegen open kan det også vere naudsynt å gjete dyra opp og ned vegen i periodar. Eit slikt tiltak kan minske nødvendigheten av å rydde og slå slik ein gjer i dag.

Det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i stader som tidlegare har vore nytta som frihamner, stølsdrift eller andre kvilestader for buførene. Blant desse kan ein trekke fram Almen, Sinjarheim, Teigen, Frivoll, Grimevoll, Holmen, Heimrebø, Nesbø og Grønestøl. Også Viki er ei historisk frihamn, men er i dag gjort om til fritidsbustad. Lengre opp i fjellet er Stemmerdalen og Bakkahelleren viktige beiteområder, men her er det fleire grunneigarar som har dyr i dag og behovet er ikkje like sterkt.

**Regionalt rotfeste og samarbeid:** samarbeid med grunneigarar og lokalbefolkninga er avgjerande. Nærøyfjorden verdsarvpark vil kunne spele ei sentral rolle.

**Bevisstgjering:** Bevisstgjering kring beitelandskapet, den kulturpåverka økologien og arbeidet som ligg bak landbruksprodukt.

**Aktivere kulturarven:** Ta i bruk beiteressursane, ferdsselsvegen og bygningar.

**Bevisst formidling og tilrettelegging:** får tilbake det opne kulturlandskapet

**Deltakande opplevingar:** Lokal matkultur, møtet med levande dyr og opplevingar i fjellet

## 2. Opplysning og oppfordringar langs ferdselsvegen

Formidling kring kulturarven er viktig i Aurlandsdalen då kulturhistoria ikkje nødvendigvis er openbar for den som går i landskapet. Strategi nr. 2 er i hovudsak retta mot vandrarar langs ferdselsvegen og har til hensikt å oppfordre til deltaking i landskapet utover sjølve vandringa. Strategien går ut på å formidle kvalitetar i landskapet på ein slik måte at ein oppfordrer til større kroppsleg deltaking der ein plukkar, kjenner, lukter og smakar på forskjellig som ein finn langs vegen eller aktivt rettar merksemda mot spesifikke landskapselement.

I hovudsak vil det vere snakk om å sette opp skilt med opplysningar som er tilpassa område dei vert sett opp, men også turisthyttevertane kan spele ei aktiv rolle i formidlinga.

### Dette kan du hauste langs vegen

Langs ferdselsvegen veks det mange ville vekster som er nyttig til ulikt bruk. Blant etande vekster kan ein til dømes finne både sopp som steinsopp, skrubb og kantareller, etande urter som bergmynte (lokalt kalla Skåarakong) og mykje bær som molte, blåbær, krekling og tyttebær. Ulike vekster vil vere tilgjengeleg til ulike tider og på ulike stader i dalen. Ein kan også sette fokus på den frodige og mangfaldige floraen ved å oppmuntre til å plukke blomar av ulike slag.

### Ser du dette?

Mange kulturspor er nær sagt usynlege dersom ein ikkje veit kva ein skal sjå etter. Til dømes kan det framleis vere mogleg å skimte konturane av gamle tufter der det ein gong har budd folk. Også styvingstre kan lett oppfattast som heilt vanlege ukultiverte tre dersom ein ikkje kjenner til dei. Ved å opplyse om kva ein bør leite etter for å identifisere slike kulturspor kan ein bidra til at folk ser litt ekstra etter medan dei vandrar gjennom dalen. Det same kan ein gjere med geologiske fenomen slik som jettegrytene som er mange av i området.

### Hjelp oss å halde vegen!

Før var det vanleg at dei som nytta seg av ferdselsvegen også rydda medan dei gjekk. Dei med som dreiv stølsdrift og gard i dalen hadde faste dagar og faste strekker av vegen dei hadde ansvar for. I dag vert vegen i hovudsak rydda på dugnad frå Venner av Aurlandsdalen og DNT Oslo og omegn. Venner av Aurlandsdalen opplever ofte at folk tek kontakt med dei dersom dei ser at det ligg stein i vegen, men offisielt er det heller ikkje deira ansvar. Ofte er det enkelt nok for dei som vandrar å bøyge seg ned å rulle steinar vekk frå stien eller legge dei tilbake dersom dei ser den har løsna frå ein mur, men dette er slikt dei ferraste tenker over.

Eit enkelt informasjonsskilt med oppfordring til å rydde stein og greiner av vegen vil kanskje få fleire hender på saken. Dersom ein i tillegg fortel om korleis det var før då alle som brukte vegen også hadde ansvaret for å halde den, vil ein kanskje verte merksam på korleis ein tek del i ein gamal tradisjon og gammalt handtverk.



Figur 66. Tiltak for å involvere vandrarak i å rydde veg.

**Regionalt rotfeste og samarbeid:** Vandrarak langs ferdselsvegen får delta i regionale tradisjonar

**Bevisstgjeriag:** Bevisstgjeriag kring kva som finst og historia bak landskapet

**Aktivere kulturarven:** Opplysning om korleis folk kan hjelpe kan bidra til at ein tek ferdselsvegen meir aktivt i bruk som eit middel for verdiskaping.

**Bevisst formidling og tilrettelegging:** Setter vere bevisst kvar ein plasserer skilt og korleis ein formidler gjennom dei.

**Deltakande oppleviagar:** gjennom å hauste og rydde i landskapet aktiverer ein fleire sansar.

### 3. Historisk vandrerute frå Aurland til Hallingdal

Gjenopprette ein nær relasjon mellom bygdene på kvar si side av fjellet gjennom eit samarbeid om ferdselsruta for å fremje ein felles kulturarv. Dette kan bidra til å sette den historiske vandreruta inn i samanhengen som ei historisk viktig ferdselsåre mellom aust og vest. Aurland og Hallingdal har ein felles kulturarv knytt til ferdsel, handel og mattradisjonar (stølsdrift og driftehandel) som kan vere sentralt i samarbeidet.

Strategien vil fokusere kring tre punkt:

- Bevisstgjerung og kulturell verdiskaping i lokalsamfunna
- Tilrettelegging og formidling for ferdsel over fjellet
- Gjeninnføre fjellmarknaden som møteplass for handel og matkultur i fjellet

#### Bevisstgjerung i lokalsamfunna

Ein nøkkel for å etablere samarbeid mellom bygdene vil vere å skape engasjement i dei ulike lokalsamfunna. Her kan ein til dømes rette seg mot skular, organisasjonar og lag og privatpersonar. Beitetiltaka frå strategi 1 eller dugnadsarbeid for skjøtsel og opprusting av kulturarven kan vere ein aktivitet lokalsamfunna kan samlast om. Slik kan ferdselsvegen bli ein arena for stadbasert læring samt at ein auker bevisstheiten kring bygdesamfunna sin felles kultruarv.

#### Tilrettelegging og formidling for ferdsel over fjellet

Stiane mellom Aurland og Hallingdal er allereie godt merka og fleire er mykje brukt. Tilrettelegginga bør derfor fokusere på tiltak som set vandrara i kontakt med kulturhistoria knytt til ferdselsvegen. Historiske vandreruter med DNT og Riksantikvaren har mellom anna krav til formidling om ruta både på nett og med skilting langs vegen. Ein kan identifisere ein del stader langs ruta der slike informasjonsskilt kan plasserast, til dømes kring turisthyttene. På

strekket mellom Vassbygdi og Stemmerdalen følgjer ferdselsvegen ei klar rute gjennom Aurlandsdalen, men i fjellet er det mange vegar som fører mot hallingdal. Om ein vel seg ut ei rute inkluderer alle ferdselsvegane i strategien bør avklarast nærare.

Ein kan også hente inspirasjon frå ferdselen frå tidlegare tider. Dersom ein var på ferd over fjellet måtte ein ofte ha overnatting på vegen, gjerne ute i friluft om ein var langt ifrå hytter og folk. Reinsskinsposen i Steinbergdalshytta tyder på at somme stader var det lagt til rette for enkle overnattingar langs vegen. Liknande tiltak kan ein gjere i dag ved enkle tilretteleggingar for overnatting under ein hedler eller i ei gamal steinbu. Overnattingar under slike tilhøve kan vere både eksotisk og spennande for folk i dag. Det vil dessutan gi vandrara moglegheit til å oppleve fjellet «slik dei gjorde før».




## Gjeninnføring av fjellmarknaden

Lokal mat- og handtverkskultur bidreg til å føre kulturarven vidare. Tradisjonane i Aurland og Hallingdal har mange fellestrekk og er mykje knytt til fjellet og utmarka. Det er dessutan ein tradisjon for at bygdene møttes for handel på «halvvegen» med fjellmarknaden på Hallingskeid. Ein felles marknad med lokale tradisjonsprodukt bidra til lokal verdiskaping gjennom handel og samarbeid

mellom bedriftene, samt å fremje den levande kulturarven blant lokalbefolkning og besøkande.

Om ein skulle møttes på halvvegen i dag kan Stemmerdalen vere eit godt målpunkt då det er biltilkomst og Steinbergdalshytta kan by på ein del fasilitetar (som til dømes straum og toalett).



Figur 67.

Figur 68.

Figur 69. *Historisk vandrerute frå Aurland til Hallingdal med samarbeid om tiltak kring ferdsselsvegen og å fremje lokal mat- og handtverkskultur*

**Regionalt rotfeste og samarbeid:** reetablerer historiske viktige forbindelsar austover.

**Bevisstgjerung:** Bevisstgjerung om ein felles kulturarv i lokalbefolkning og for besøkande

**Aktivere kulturarven:**

Samarbeid kan støtte opp om lokale produsentar for å halde kulturarven levande. Fleire hender monnar også meir for å sette i gang og gjennomføre tiltak.

**Bevisst formidling og**

**tilrettelegging:** Setter

ferdselsvegen inn i samanhengen som ei hovudferdselsåre mellom aust og vest.

**Deltakande opplevingar:**

Lokal matkultur, beitedyr og opplevingar i fjellet "Slik dei gjorde før"





# DEL 5

## ETTERORD

## 5.1 REFLEKSJONAR

Arbeidet med oppgåva har ført meg innom mange spennande tema, og har for alvor satt meg inn på tankar om kor allsidig ein kan jobbe som landskapsarkitekt. Fokuset her har ikkje vert å utvikle detaljerte planar for tiltak, slik mange kanskje ventar seg av ein master i landskapsarkitektur. I staden har hovudoppgåva mi gjennom dette semesteret vore å prøve å trekke trådar mellom landskapsarkitektrolla og interessa for den lokale kulturarven. Det viktigaste bidraget i denne oppgåva har kome i form av bevisstgjeringa om kulturarven sin betydning for opplevingar i møtet med landskap. Dette er også noko eg sjølv har blitt meir klar over i løpet av dette semesteret.

Denne skriveperioden har vorte mykje påverka av koronapandemien som snudde opp-ned på kvardagen for dei fleste denne våren. For meg betydde det å flytte heim, og prøve å jobbe meg gjennom den største oppgåva i studieløpet utan tilgang på universitet og lesesal, og langt frå medstudentar. Dette var langt meir utfordrande enn eg kunne førestilt meg. På den andre sida har det å oppholde seg i heimtraktene også vore givande for oppgåva mellom anna fordi det førte til ein enklare tilgang på studieområdet. Medan eg har arbeida meg gjennom litteratur, historiske kjelder og intervju har eg også vorte meir bevisst kulturarven i dalen der eg bur. Kulturspor eg før har oversett trer no tydeleg fram i mitt heimlege landskap. Landskapet, som eg alltid har vore veldig glad i, får no ein større meining. Slik har eg også fått oppleve kulturell verdiskaping gjennom arbeidet med kulturarven i Aurlandsdalen.



# Kjelder

- Abram, D. (2012). Sansenes magi - å se mer enn du ser: Vintage.
- ANL. (2019). Seterpolitisk melding 2019: Alliansen Ny Landbrukspolitikk.
- Aurland Fjellstyre. (u.å.). Om fjellstyret. Tilgjengelig fra: <https://www.aurland-fjellstyre.no/om-fjellstyret> (lest 20.05.2020).
- Aurland Naturverkstad & Riksantikvaren. (2010). Landskapsanalyse: framgangsmåte for vurdering av landskapskarakter og landskapsverdi: Direktoratet for naturforvaltning.
- Austad, I. & Øye, I. (2001). Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system. I: Skar, B. (red.) Kulturminner og miljø - Forskning i grenseland mellom natur og kultur. Oslo: Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Barane, J., Hugo, A. & Clemetsen, M. (2015). Kunnskap for ei felles framtid : lokal forankring av læreplanen. Bergen: Fagbokforl.
- Bele, B., Norderhaug, A., Tunón, H., Norsk institutt for, b. & Centrum för biologisk, m. (2019). Seterlandskapet : historia, naturen og kulturen. NIBIO bok, b. 5(8). Ås, Norge: NIBIO.
- Bischoff, A. (2008). Stien i ytre og indre landskap. Essay skrevet i forbindelse med forskerкурset: "Naturopplevelse, forvaltning og tilrettelegging" ved UMB 2005.
- Bjarnadóttir, S. L. (2020). Nærøyfjorden Verdsarvpark. p.m.
- Bourdieu, P. (1984). Distinction: A social critique of the judgement of taste: Harvard university press.
- Brunborg-Næss, L. (2020). DNT. p.m.
- Bunger, A. A. & Haarsaker, V. (2020). Færre og større melkebruk - hva skjer med seterdrifta?: AgriAnalyse. Tilgjengelig fra: <https://www.agrianalyse.no/getfile.php/135321-1581335139/Dokumenter/Dokumenter%202020/Rapport%203-seter%20til%20web.pdf> (lest 21.03.2020).
- Clemetsen, M. (1988). Sinjarheim, en fjellgård i Aurlandsdalen - skjøtsel av et historisk kulturlandskap. Ås: Institutt for Landskapsarkitektur, Norges Landbrukshøgskole.
- Clemetsen, M. (1996). Aurlandsdalen, Samordning av landskapskjøtsel, bygningsvern og utviklingstiltak i kulturlandskapet på strekninga mellom Østerbø og Vassbygdi.
- Clemetsen, M. & Krogh, E. (2010). Landskapsressursanalyse - Verktøy for mobilisering, stedsbasert læring og verdiskaping. I: Landskapsøkonomi - Bidrag til bærekraftig verdiskaping, landskapsbasert entreprenørskap og stedsutvikling. Med eksempler fra regionalparker i Norge og Europa.
- Clemetsen, M. & Schibbye, B. (2016). Regional landscape characterisation in sweden - bridging fields of competence in place. I: Jørgensen, K., Clemetsen, M., Halvorsen, K., Thorén & Richardson, T. (red.) Mainstreaming landscape through the European landscape convention, s. 94-107. Abingdon: Routledge.
- Daugstad, K. (2001). Tverrfaglig historieforståing og integrert forvaltning - eksempelområde Røros. I: Skar, B. (red.) Kulturminner og miljø - Forskning i grenseland mellom natur og kultur. Oslo: Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Distriktssenteret. (2014). Regionalparker i Norge – hva er oppnådd og hva er merverdien? Steinkjer.
- DNT & Riksantikvaren. (2018). Historiske vandreruter: DNT. Tilgjengelig fra: <http://historiskevandreruter.no/wp-content/uploads/2018/09/Historiske-Vandreruter-endelig-brosjyre-2018.pdf> (lest 23.04.2020).
- DNT. (u.d.). 150 år med turglede! Tilgjengelig fra: <https://www.dnt.no/historikk/> (lest 04.05.2020).
- Ekelund, T. (2019). Stiens historie : en reise til fots. 1. utgave. utg. Oslo: Cappelen Damm.
- ELC. (2000). European Landscape Convention: Europarådet. Tilgjengelig fra: <https://rm.coe.int/CoERMPublicCommonSearchServices/DisplayDCTMContent?documentId=09000016802f80c6> (lest 11.04.2020).
- Europeisk landskapskonvensjon. (2000). Europeisk landskapskonvensjon (norsk tekst): Europarådet.
- Faro-konvensjonen. (2005). Europarådets rammekonvensjon om kulturarvens verdi for samfunnet – ETS 199. Tilgjengelig fra: <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/2005-10-27-106> (lest 24.04.2020).
- Fjellova. (1975). Lov om utnytting av rettår og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) av 6. juni 1975 nr. 31. Tilgjengelig fra: [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1975-06-06-31#KAPITTEL\\_3](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1975-06-06-31#KAPITTEL_3) (lest 20.05.2020).

- FN-sambandet. (2020). FN's bærekraftsmål: FN-sambandet. Tilgjengelig fra: <https://www.fn.no/om-fn/FNs-baerekraftsmaal> (lest 02.05.2020).
- Fortidsminneforeningen. (u.d.). Om oss: Fortidsminneforeningen. Tilgjengelig fra: <https://fortidsminneforeningen.no/om-oss/> (lest 05.04.2020).
- Hafslund E-CO. (u.å.). Aurland. Tilgjengelig fra: <https://www.e-co.no/aurland/> (lest 20.04.2020).
- Hallingskarvet Nasjonalparkstyre. (2015). Besøksstrategi for Hallingskarvet nasjonalpark: Hallingskarvet nasjonalparkstyre. Tilgjengelig fra: [http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Hallingskarvet\\_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Bes%c3%b8ksstrategi%20for%20Hallingskarvet%20nasjonalpark\\_Vedtatt.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Hallingskarvet_dok/Planer%20og%20publikasjoner/Bes%c3%b8ksstrategi%20for%20Hallingskarvet%20nasjonalpark_Vedtatt.pdf) (lest 20.05.2020).
- Haukeland, P. (2010). Det landskapsøkonomiske perspektivet. Landskapsøkonomi-bidrag til bærekraftig verdiskaping, landskapsbasert entreprenørskap og stedsutvikling. TF-rapport, 263: 25-48.
- Haukeland, P. I. & Brandtzæg, B. A. (2009). Den brede verdiskapingen: Et bærekraftig utviklingsperspektiv på natur- og kulturbasert verdiskaping.
- Haukeland, P. I., Svardal, S., Brandtzæg, B., Clemetsen, M., Krogh, E., Bjørnstad, K., Mose, I., Siegrist, D., Hammer, T. & Weixlbaumer, N. (2010). Landskapsøkonomi - Bidrag til bærekraftig verdiskaping, landskapsbasert entreprenørskap og stedsutvikling. Med eksempler fra regionalparker i Norge og Europa. TF-rapport, 263: 275.
- Haukeland, P. I. & Brandtzæg, B. A. (2019). Bred verdiskaping som strategi for bærekraftig stedsutvikling.
- Hernes, O. (2020). Budeie i Aurlandsdalen. p.m.
- Hjortevilt. (u.å.). Villrein i Nordfjella. Tilgjengelig fra: <https://www.hjortevilt.no/villrein-i-nordfjella/> (lest 26.05.2020).
- Hov, E. (2020). SJH.
- Interpret Europe. (2018). The Faro Way and the importance of heritage interpretation: Interpret Europe. Tilgjengelig fra: [http://www.interpret-europe.net/de/top/news/singlepage-news/news/the-faro-way-and-the-importance-of-heritage-interpretation/?tx\\_news\\_pi1%5Bcontroller%5D=News&tx\\_news\\_pi1%5Baction%5D=detail&cHash=ca435b28ac883fdb1128d60f9c2ed7ed](http://www.interpret-europe.net/de/top/news/singlepage-news/news/the-faro-way-and-the-importance-of-heritage-interpretation/?tx_news_pi1%5Bcontroller%5D=News&tx_news_pi1%5Baction%5D=detail&cHash=ca435b28ac883fdb1128d60f9c2ed7ed) (lest 24.04.2020).
- Jakobsen, T. G. (2005). Økofilosofi: økologi, evolusjonsteori og transformativ læring: Tapir akademisk.
- KMD. (2014). Den europeiske landskapskonvensjonen: Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Tilgjengelig fra: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan--og-bygningsloven/plan/internasjonalt-plansamarbeid/landskapskonvensjonen/id410080/> (lest 17. februar).
- Kvakestad, S. (2020). Steinbergdalshytta. p.m.
- Kvellestad, L. (2020). Kulturarv.
- Leopold, A. (1989). A Sand County almanac, and sketches here and there: Outdoor Essays & Reflections.
- Merleau-Ponty, M. (1996). Phenomenology of perception: Motilal Banarsidass Publishes.
- Miljødirektoratet. (2015). Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder. Tilgjengelig fra: [https://scholar.google.no/scholar?hl=no&as\\_sdt=0%2C5&q=veileder+for+bes%C3%B8ksforvaltning+i+norske+verneomr%C3%A5der&btnG=](https://scholar.google.no/scholar?hl=no&as_sdt=0%2C5&q=veileder+for+bes%C3%B8ksforvaltning+i+norske+verneomr%C3%A5der&btnG=) (lest 20.05.2020).
- Nærøyfjorden Verdsarvpark. (2010). Verdskapingsprogram. Tilgjengelig fra: <https://www.naroyfjorden.no/verdskapingsprogram> (lest 05.05.2020).
- nærøyfjorden Verdsarvpark. (2014). Parkplan for Nærøyfjorden Verdsarvpark - "verdiskaping skjer i møtet". Tilgjengelig fra: <https://static1.squarespace.com/static/561e58ace4b0ae904e8d1820/t/56459d36e4b00444404ff39b/1447402806926/Parkplan-2014-Endeleg-.pdf> (lest 20.05.2020).
- Nærøyfjorden verneområdestyre. (2019). Høyringsdokument 18.09.2019, Besøksstrategi Verneområde i Nærøyfjordområdet. Tilgjengelig fra: [http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden\\_dok/Nyhende/Bes%c3%b8ksstrategi\\_N%c3%a6r%c3%b8yfjorden\\_240919.pdf](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_dok/Nyhende/Bes%c3%b8ksstrategi_N%c3%a6r%c3%b8yfjorden_240919.pdf) (lest 20.05.2020).
- Næss, A., Devall, B. & Drengson, A. (2008). Ecology of wisdom : writings by Arne Naess. Berkeley, Calif: Counterpoint.
- Norske Parker. (2014). Om Norske parker. Tilgjengelig fra: <http://norskeparker.no/om/> (lest 25.03.2020).
- NOU. (2013). Naturens goder – om verdier av økosystemtjenester. Oslo: Norges offentlige utredninger, Miljøverndepartementet. Tilgjengelig fra: <https://www.regjeringen.no/contentassets/c7ffd2c437bf4dcb9880ceeb8b03b3d5/no/pdfs/nou201320130010000dddpdfs.pdf> (lest 02.04.2020).
- Ohnstad, A. (1962). Aurland Bygdebok - fram til om lag 1920: Aurland Sogelag.

- Ohnstad, A. (1988). Gardssoga for Aurland - Vassbygdi og fjellgardane. Aurland.
- Ostebygda. (u.å.). Velkommen til Ostebygda. Tilgjengelig fra: <https://www.ostebygda.no/> (lest 20.05.2020).
- Øyum, G. (2020). Støsliv i Aurlandsdalen.
- Øyum, O. (2020). Støsliv i Aurlandsdalen.
- Potteiger, M. & Purinton, J. (1998). Landscape narratives : design practices for telling stories. New York: Wiley.
- Sakte. (2019). Om oss. Tilgjengelig fra: <https://www.sakte.no/om-oss-1> (lest 20.05.2020).
- Sinjarheim, K. (1988). Sti/Løypekart Aurland herad - Almeneingane i Aurland: Statens Kartverk.
- Sognefjorden Kystpark. (2020). Prosjektskildring: "Alle mann til pumpene": Sognefjorden Kystpark. Tilgjengelig fra: <http://www.sognefjordenkystpark.no/assets/Prosjektskildring-Alle-mann-til-pumpene.pdf> (lest 20.04.2020).
- Sønnerheim, K. (2020). Venner av Aurlandsdalen.
- Sønnerheim, S. (2020). Venner av Aurlandsdalen.
- Søylen, T. (2019). Vel levande landskap!: Firda. Tilgjengelig fra: <https://www.firda.no/synspunkt/landskap/undervisning/vel-levande-landskap/o/5-15-870821> (lest 20.05.2020).
- St. meld. nr. 16 (2019-2020). Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, bærekraft og mangfold. Oslo: Miljøverndepartementet. Tilgjengelig fra: <https://www.regjeringen.no/contentassets/35b42a6383f442b4b501de0665ec8fcf/no/pdfs/stm201920200016000ddpdfs.pdf> (lest 24.04.2020).
- St. meld. nr. 18 (2015-2016). Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet. Oslo: Klima- og miljødepartementet. Tilgjengelig fra: <https://www.regjeringen.no/contentassets/9147361515a74ec8822c8dac5f43a95a/no/pdfs/stm201520160018000ddpdfs.pdf> (lest 24.03.2020).
- Stoknes, S. (2001). Alrekstølen - Vernet gjennom ny bruk? I: Skar, B. (red.) Kulturminner og miljø - Forskning i grenseland mellom natur og kultur. Oslo: Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Svardal, S., Bjørnstad, K. & Clemetsen, M. (2008). Regionalpark som utviklingsstrategi : en introduksjon: Telemarksforskning.
- Thyri, H. H. (2008). Aurlandsdalen - frå Vidda til Vangen: Skald.
- UNESCO. (2017). What is meant by "cultural heritage"? Tilgjengelig fra: <http://www.unesco.org/new/en/culture/themes/illicit-trafficking-of-cultural-property/unesco-data-base-of-national-cultural-heritage-laws/frequently-asked-questions/definition-of-the-cultural-heritage/> (lest 17.03.2020).
- Valdres natur- og kulturpark. (u.å.). Grafisk profil. Tilgjengelig fra: <https://www.valdres.no/valdres-natur-og-kulturpark/grafisk-profil> (lest 05.05.2020).
- Verdsarvpark, N. (u.å.). Verdiskapingsprogram. Tilgjengelig fra: <https://www.naroyfjorden.no/verdiskapingsprogram> (lest 05.05.2020).
- Vinjum, E. (2004). Aurland - stadnamn og kulturhistorie. Valdres.

# Figurliste

Figur 2. Ein forenkla framstilling av «the Notion of life» av Patric Geddes basert på Barane et al. (2015, figur 18.1, s 196) og Clemetsen og Schibbye (2016, figur 3.2, s. 27).

Figur 4. Kart over studieområdet (kartdata: NIBIO og GeoNorge)

Figur 6. Økoprenørskap i skulen (Barane et al., figur 17.1, s. 186)

Figur 7. FN's bærekraftsmål (grafikk henta frå FN-Sambandet, 2020)

Figur 8. Antal gardsbruk med støl eller andel i støl i åra 1850-2010 (fritt etter figur frå ANL. 2019, s 6 med tal henta frå SSB og Landbruksdirektoratet)

Figur 9. Glokale utvikling (Haukland & Brandtzæg, 2010)

Figur 10. Villsauen skal beite fram igjen kystlyngheia i Sognefjorden Kystpark og gjenskape kontakten mellom menneske og dyr (Foto: Trude Søylen, 2019)

Figur 11. Utsikt frå Bjønnstigen av Johannes Flintoe (henta frå nasjonalmuseet: <https://www.nasjonalmuseet.no/samlingen/objekt/NG.M.01086>)

Figur 12. Områdeavgrensing (Kartdata: NIBIO)

Figur 13. Bergarten fyllitt (Foto: Dalseg, M, henta frå <https://ut.no/turforslag/1111848/aurlandsdalen-vill-og-vakker>)

Figur 14. Berggrunnskart (Kartdata: ngu og NIBIO) 40

Figur 15. Høgfjell (Foto: Harald Skjerdal)

Figur 18. Bergfrua (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 19. Figur 20. Villrein i Stemmerdalen (Foto: Harald Skjerdal)

Figur 21. Fjellrype (Foto: Harald Skjerdal)

Figur 22. Geiter på Sinjarheim (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 23. Fiskedag i fjellet (Foto: Knut Fredrik Øi)

Figur 28. Snitt over dalen og garden Sinjarheim (fritt etter Clemetsen, 1988, figur 5, s. 7)

Figur 29. Jordbrukslandskapet på Sinjarheim (fritt etter Clemetsen, 1988, figur 5, s. 7)

Figur 33. Utbreiing av skog og områder i fare for attgroing. (Kartlag: NIBIO)

Figur 34. Kyr på beite i Stemmerdalen (Foto: Prytz, 2019)

Figur 39. Steinlegging langs vegen (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 40. Samspelet mellom natur- og kulturarven er det som gjer opplevinga unik (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 41. Beitedyra er med på å gjere opplevinga levande (Foto Prytz, 2019)

Figur 44. Landskapskarakter delområde 2 (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 45. Landskapskarakter delområde 3 (Foto: Dalseg, henta frå <https://ut.no/turforslag/1111848/aurlandsdalen-vill-og-vakker>)

Figur 46. Landskapskarakter delområde 5 (Foto: Harald Skjerdal)

Figur 47. Nesbøgalden før utsprenging (Foto: Wilse, A. B, henta frå [https://www.nb.no/cgi-bin/galnor/gn\\_sok.sh?id=135096&skjema=2&fm=4](https://www.nb.no/cgi-bin/galnor/gn_sok.sh?id=135096&skjema=2&fm=4))

Figur 48. gravplass i Aurdalen (Foto: Andersen, henta frå <https://peakbook.org/no/tour/93403/Aurlandsdalen.html>)

Figur 49. Drifte karen Martinus Dalsbotn på veg over fjellet med hestar (Foto: Aurland Lokalhistoriske arkiv)

Figur 56. Kløvhest på veg framover dalen frå Aurdalen (fotograf ukjend, u.å. Kopi av bilete frå Steinbergdalshytta)

Figur 57. Stølskultur (Foto: Helge Aarrestad, u.å.)

Figur 58. Sakte-alliansen (Foto: SAKTE)

Figur 61. Venner av Aurlandsdalen i gang med dugnad. (Foto: Venner av Aurlandsdalen)

Figur 62. Beitekart (Kartdata: NIBIO)

# Øvelsesoppgift 2: informasjonsskriv

INFORMASJONSSKRIV

13. februar 2020

## **Invitasjon til deltaking i masteroppgåveprosjektet «Forvaltning og planlegging av fjellandskap i eit landskapsperspektiv – med kulturarven som grunnlag»**

Er du student ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) i Ås, og skriv masteroppgåve i landskapsarkitektur våren 2020. Masteroppgåva fokuserer på kulturarven som grunnlag for forvaltning og verdiskaping og tek utgangspunkt i Aurlandsdalen og den historiske ferdselsruta over fjellet.

Det er ei henvending til deg med spørsmål om å delta i eit intervju der formålet er å få innblikk i kulturarven si betydning for lokalbefolkninga og for forvaltninga av fjellandskapet i dag. I dette skrevet gir me deg informasjon om måla for prosjektet og kva deltakinga vil innebære for deg.

### **Formål**

I undersøkinga ynskjer eg å intervju lokalbefolkning og andre personar med tilknytning til prosjektområdet og tema gjennom profesjon eller personleg engasjement. Dersom du vel å delta i undersøkinga vil intervju vert nytta til å utvikle prinsipp som skal bidra til framtdsretta og stadeigen forvaltning og planlegging i fjellandskap. Undersøkinga er ein sentral del i mitt feltarbeid som dannar grunnlaget for masteroppgåva.

### **KVA INNEBERER DET FOR DEG Å DELTA?**

#### **Intervju**

Du vil få moglegheit til å delta i intervju der tema vil omfatte kulturarv, landskap og forvaltning knytt til Aurlandsdalen og fjellandskapet. Under intervjuet vil eg ta notatar, samt nytte meg av lydopptak dersom du gir samtykke til dette.

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å gi noko grunn. Alle opplysningar om deg vil då verte anonymisert. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

#### **Personvern**

Me vil kunn nytte opplysningane du gir til formåla me har fortalt om i dette skrevet. Me behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Prosjektet skal etter planen avsluttast 15. mai og all informasjon innhenta i undersøkinga skal slettast innan prosjektperioden er slutt før 31. august. Det vil ikkje vert oppgitt namn på privatpersonar som deltek i undersøkinga, men i visse tilfelle vil informasjon kunne spores tilbake til personar med offentlege eller særskilde stillingar.

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få sletta personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningar (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

# Øvelsesgjf 3: Intervjuguide

## Intervjuguide

### INTRODUKSJON:

- Kort om meg og mitt fagfelt
- Introduksjon av masteroppgåva
- Kva tema ynskjer eg å undersøke i intervjuet
- Personvernerklæring, informasjon om lagring/behandling av data
- Førspurnad om lydopptak

### TEMA:

#### Innleiande spørsmål

- Kva var ditt første møte med Aurlandsdalen?
- Kva meiner du er mest spesielt med Aurlandsdalen?
- Kva vil du helst vise fram av Aurlandsdalen til andre som ikkje har vore der før?

#### Bruk av området

- Kven bruker ferdselsvegen, Aurlandsdalen og fjellområdet i dag?
- Korleis vert Aurlandsdalen påverka av bruken?
- Korleis har bruken endra seg?

#### Kulturarven

- Kva legg du i omgrepet «kulturarv»?
- Kor viktig er kulturarven i Aurlandsdalen i dag for: vandrarar/ bygdesamfunnet?
- Kva meiner du må til for å halde den i hevd?

#### Forvaltning og tilrettelegging

- Kva er dei største utfordringane med ferdsel i Aurlandsdalen i dag?
- Kva tilretteleggingstiltak er gjort, og er det behov for ytterlegare tiltak?





**Norges miljø- og biovitenskapelige universitet**  
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet  
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003  
NO-1432 Ås  
Norway